



## 2001

Årsmeldingen er skreven i 2001, som er jubileumsår for Statistisk sentralbyrå.

I 1876 vart Det statistiske Centralbureau oppretta.

► <b>Organisasjon</b>	<b>2</b>
Viktige hendingar i 2000	2
SSBs organisasjon	2
► <b>Styret</b>	<b>4</b>
Rapport frå styret	4
Samansetninga av styret	5
► <b>Budsjett og rekneskap</b>	<b>7</b>
Eit økonomisk bra år for SSB	7
Riksrevisjonen kritiserte rekneskapen for 1999	11
► <b>Mål og resultat</b>	<b>12</b>
Statistikk om statistikken	12
► <b>Personalet i SSB</b>	<b>15</b>
Travarane held koken	15
► <b>Administrerende direktør</b>	<b>16</b>
Rapport frå administrerende direktør	16
► <b>Statistikkproduksjonen</b>	<b>18</b>
<b>Avdeling for økonomisk statistikk</b>	<b>18</b>
Hovudrevisjonen av nasjonalrekneskapen er ferdig	19
Usikre tal om klimagassar	19
Analyse som takk	20
Kor mykje forskar Noreg?	20
Sjukefråværsstatistikk framleis fråverande	21
Nye eigarformer gjev statistikktrøbbel	21
<b>Avdeling for personstatistikk</b>	<b>22</b>
Fastlegereforma reformerer statistikken	23
Utanfrå - men heime	23
Statistikk for små område	23
Sambuarane flytter inn i statistikken	23
Statistikk om abort og steriliseringar er omlagd	23
Barn med astma får ikkje alltid trygda dei har rett på	23
Vi vart 4,5 millionar	23
Sosialt utsyn – for siste gong?	24
Folke- og bustadteljinga steg for steg	24
<b>Avdeling for næringsstatistikk</b>	<b>26</b>
Byggjearealstatistikken i gang igjen	27
Vel 350 000 bedrifter på kartet	27
Eigen inntektsstatistikk for personar	28
Jordbruksteljinga ut til folket	29
Enklare rapportering snart klar	30
Utvalet i detaljomsetninga fordobla	30
PORTwin i hamn	30
Meir IKT-statistikk	31
► <b>Forskningsavdelinga</b>	<b>32</b>
Undervurdering av oljeprisen	33
Eineståande i 50 år	33
Kor moralske er vi?	34
Gasskraft løner seg ikkje	34
Verdsøkonomien i éin modell	35
Fokus på fertilitet	35
“Slakter Jens’ skattegrep”	35
► <b>Tverrgående aktivitetar</b>	<b>36</b>
Datafangst og elektronisk datautveksling	37
KOSTRA – det meste er på plass	37
Standardar som gjer livet lettare	38
Cecilie Wilberg: Med framtida på saklista	39
Petter Jacob Bjerve: “Vi må lytte til tala si tale”	40
SSB er med i PARIS21	43
Over 1 million tal for Noreg i Eurostat-database	43
SSB er fasiten	43
Døgnoppe på fem språk	43
Folk har tiltru til SSB	44
wap.ssb.no	44

## Viktige hendingar i 2000

### Januar

- Leiarseminar om systematisk kvalitetsarbeid. Innleiar: Jan Carling, tidlegare direktør for Statistiska centralbyråen i Sverige

### Februar

- Sluttrapport frå Teknologiskifteprosjektet låg føre
- Nasjonalrekneskapsen for 1999 og Økonomisk utsyn vart framlagde
- IDUN-prosjektet (informasjon- og datautveksling med næringslivet) vart etablert
- Dei første resultatane frå Jordbruksteljing 1999 vart publiserte
- Alle kommunane i KOSTRA-prosjektet (108 kommunar og fem fylkeskommunar) gjennomførde elektronisk rapportering for 1999

### Mai

- Sosialt utsyn 2000 vart publisert
- Naturressursar og miljø 2000 vart publisert
- MMIs tiltrubarmeter – SSB er med for første gong
- Nyheiter frå SSB på wap: wap.ssb.no

### Juni

- Cecilie Wilberg begynte som administrasjonsdirektør
- Nasjonalrekneskapsen for første kvartal og konjunkturtendensane vart framlagde

### Juli

- Riksrevisjonen hadde merknad til 1999-rekneskapsen for Statistisk sentralbyrå

### August

- Det årlege nordiske sjefstatistikarmøtet på Åland
- Millenniumsutgåve av Statistisk årbok med historisk profil
- Førebuingar til nytt tilbygg i Kongsvinger startar

### September

- Nasjonalrekneskapsen for andre kvartal og konjunkturtendensane vart framlagde

### Oktober

- LINK-prosjektet, som arbeider med analysar av verdsøkonomien basert på eit stort system av nasjonale modellar, heldt sitt årlege møte i Oslo i perioden 2.-6. oktober
- Styringsgruppa for CES – Conference of European Statisticians – heldt møte i Oslo
- Forslaget til statsbudsjett med eit generelt kutt på 8 millionar kroner for SSB og samstundes eit øyremerkt beløp på 5 millionar kroner til talrevisjon av nasjonalrekneskapsen

### November

- Byggjerealstatistikken, som vart stoppa tidleg i 1999 på grunn av problem med å halde kvaliteten oppe, vart publisert på nytt
- Mission Norway: SSB presenterte seg i Eurostat
- Forskingsavdelinga markerte 50-årsjubileet sitt, mellom anna med å gi ut «Kunnskapens krav», skriva av tidlegare forskingsdirektør Olav Bjerkholt
- Ny månadsrekord: 2 millionar weboppslag i november
- osloprosessen – bok av Kjartan Fløgstad – bygd på statistikk frå Statistisk sentralbyrå kom ut

### Desember

- Nasjonalrekneskapsen for tredje kvartal og konjunkturtendensane vart framlagde

## SSBs organisasjon

Toppleiinga i SSB består av administrerande direktør og direktørane for dei fem avdelingane.

SSB har sidan 1975 vore fysisk delt mellom Oslo og Kongsvinger, som eit resultat av Stortingets ønske om utflytting av statsinstitusjonar. Rundt 500 medarbeidarar jobbar i Oslo, 380 i Kongsvinger. Det er likevel ikkje slik at Oslo er hovudkontoret og Kongsvinger eit avdelingskontor. Med unntak av Forskingsavdelinga og Avdeling for næringsstatistikk har alle avdelingane medarbeidarar i begge byane. Felles data- og telefonnett, videomøte og tog og buss sørgjer for dagleg kommunikasjon mellom medarbeidarane.

Både geografien og historia inneber at organisasjonskartet vårt i dag ikkje er strengt logisk. Difor ligg organisasjonsstrukturen ikkje heilt til grunn for verksemdsamtalen i årsmeldinga. SSBs forskingsverksemd går føre seg i fleire avdelingar, ikkje berre i Forskingsavdelinga, og difor omtaler vi forskingsaktivitetane samla under Forsking og analyse. Det same gjeld for tverrgående aktivitetar som ikkje berre skjer i Administrasjonsavdelinga og i dei frittstående seksjonane, men også i samarbeid mellom fleire avdelingar, utan at det alltid er naturleg å sortere aktiviteten under ei bestemt avdeling.

Avdeling for samordning og utvikling vart nedlagd ved utgangen av 2000, og seksjonane for IT, metode og informasjon er no frittstående seksjonar som rapporterer direkte til Direktørmøtet. Ved utgangen av året vart det også oppretta ein ny seksjon: Seksjon for utanrikshandel. Dette statistikkområdet vart tidlegare teke hand om av noverande Seksjon for energi- og industristatistikk. I pakt med endra arbeidsoppgåver har Seksjon for dataregistrering endra namn til Seksjon for datafangst.



**Styret**  
Åge Danielsen

**Administrerende direktør**  
Svein Longva

### Avdeling for økonomisk statistikk

Olav Ljones

#### Seksjonar

**Nasjonalrekneskap**  
Liv H. Simpson

**Miljøstatistikk**  
Svein Homstvedt

**Energi- og industristatistikk**  
Bjørn Bleskestad

**Økonomiske indikatorar**  
Lasse Sandberg

**Offentlege finansar og kredittmarknadsstatistikk**  
Anna Rømo

**Arbeidsmarknadsstatistikk**  
Ole Sandvik

**Utanrikshandel**  
Tom L. Andersen

#### Kontor

**Administrasjon**  
Stig Braathen

**IT**  
Bjørn Pedersen

### Avdeling for personstatistikk

Johan-Kristian Tønder

#### Seksjonar

**Demografi og levekårsforskning**  
Kari Skrede

**Befolknings- og utdanningsstatistikk**  
Elisabetta Vassenden

**Helsestatistikk**  
Ann Lisbet Brathaug

**Intervjuundersøkingar**  
Helge Næsheim/  
Anne Skranefjell

**Levekårsstatistikk**  
Berit Otnes

**Folke- og bustadteljing**  
Paul Inge Severeide

#### Kontor

**Administrasjon**  
Johan H. Heir

**IT**  
Kristian Lønø

### Avdeling for næringsstatistikk

Nils Håvard Lund

#### Seksjonar

**Bedriftsregister**  
Jan O. Furseth

**Inntekts- og lønsstatistikk**  
Per Ove Smogeli

**Primærnæringsstatistikk**  
Ole O. Moss

**Samferdsels- og reiselivsstatistikk**  
Peder Næs

**Datafangst**  
Sindre Børke

**Bygg- og tenestestatistikk**  
Roger Jensen

#### Kontor

**Administrasjon**  
Heidi Karin Nylænder

**IT**  
Matz Ivan Faldmo

### Forskningsavdeling

Ådne Cappelen

#### Seksjonar

**Offentleg økonomi og personmodellar**  
Nils Martin Stølen

**Ressurs- og miljøøkonomi**  
Torstein Arne Bye

**Makroøkonomi**  
Knut Moum

**Mikroøkonometri**  
Jørgen Aasness

### Administrasjonsavdeling

Cecilie Wilberg

#### Seksjonar

**Budsjett og rekneskap**  
Pål Mathisen

**Personaladministrasjon**  
Heidi Torstensen

#### Kontor

**Fellestener, Oslo**  
Geten Engelstad

**Fellestener, Kongsvinger**  
Karin Wang

### Tverrgående seksjonar

**IT**

Rune  
Gløersen

**Statistiske metodar og standardar**

Jan  
Bjørnstad

**Informasjon og publisering**

Anne  
Skranefjell

**Internasjonal statistisk rådgiving**

Bjørn K.  
Wold

## Rapport frå styret

*Styret er nøgd med at Statistisk sentralbyrå nådde dei fleste mål som vart sett for arbeidet i 2000. Tal for frigjevingar av ny statistikk syner ein auke i produksjonen, og indikatorar for ulike kvalitetsmål, som aktualitet og svarprosentar, syner at kvaliteten var god i 2000 òg.*

Ansvar og oppgåver som er lagde til styret i Statistisk sentralbyrå, er omtalte i statistikklova frå 1989.

Der står det at styret skal handsame og fastsetje langtidsprogram, budsjettforslag og årlege arbeidsprogram etter forslag frå administrerande direktør og leggje desse sakene og årsmelding for Statistisk sentralbyrå fram for Finansdepartementet.

Styret skal elles føre alminneleg tilsyn med utviklinga i offisiell statistikk og med verksemda i Statistisk sentralbyrå.

- Året starta bra med eit vellukka teknologiskifte (gjennomført i 1999), som var SSB sin strategi for å få til ein problemfri overgang til 2000.
- Tidleg på året kom det store IDUN-prosjektet i gang. Det har som hovudmål å syte for at oppgåvegevarane i næringslivet skal kunne levere data elektronisk. På sikt vil dette forenkle situasjonen for mange av oppgåvegevarane.
- Det var knytt stor spenning til den første elektroniske innrapporteringa frå kommunar og fylkeskommunar i KOSTRA-prosjektet. 108 kommunar og fem fylkeskommunar skulle rapportere for 1999. Rapporteringa var vellukka, sjølv om det vart identifisert fleire område som vil bli forbetra til neste runde i 2001.
- Jordbruksteljinga 1999 kom med førebelse resultat alt i februar 2000 og syner at det blir færre og større bruk, mens jordbruksarealet har auka med 5 prosent sida 1989.
- Ei framtidsretta ordning med at bedrifter som fyller ut skjema om energiforbruk, vil få faktaark med analyse av energiforbruket i bedrifta som takk, er komen i stand.
- Ein eigen inntektsstatistikk for personar og familiar vart publisert for første gong.

### Folk lit på SSB

All den informasjonen som Statistisk sentralbyrå rår over, er av heller lita interesse om han ikkje når fram til brukarane, og om ikkje dei ulike brukargruppene kan feste lit til statistikk og analyseresultat frå institusjonen. Satsinga på å bruke Internett for å nå brukarane heldt fram i 2000, og talet på oppslag på SSB web-teneste auka frå litt under 12 millioner oppslag i 1999 til i underkant av 20 millioner i 2000. Like viktig som å nå fram til brukarane er det at dei har tillit til informasjonen som kjem frå Statistisk sentralbyrå og til institusjonen sjølv. Ei undersøking i regi av MMI i mai 2000 synte at i alt 69 prosent av dei spurde hadde stor tillit til SSB, og berre 4 prosent seier at dei ikkje har tillit til institusjonen. Undersøkinga syner at SSB hadde større tillit i befolkninga enn både Forsvaret, utdanningssystemet og domstolane. Berre politiet slår SSB når det gjeld å ha svært stor tillit. Det er viktig at det finst institusjonar som folk oppfattar som truverdige, og Statistisk sentralbyrå har eit særskilt ansvar, nettopp fordi mange har stor tillit til SSBs faglege nøytralitet. Styret meiner at dette syner at Statistisk sentralbyrå har løyst informasjonsoppgåva si på ein god måte i 2000.


### Betre økonomistyring

Styret såg med stor uro på meldinga om at Riksrevisjonen ikkje kunne godkjenne rekneskapen for 1999 frå Statistisk sentralbyrå uten merknad. Grunngevinga for merknaden var særleg at det ikkje var mogleg å spore alle transaksjonar i rekneskapen, at dei tekniske systema ikkje var gode nok, og at heller ikkje dei manuelle rutinane var så gode som dei burde vere. Merknaden frå Riksrevisjonen er berre knytt til tekniske sider ved rekneskapsføringa og ikkje til forvaltning av midlar. Styret er nøgd med at Statistisk sentralbyrå straks sette i gang tiltak for å bøte på desse manglane. SSB knytte mellom anna til seg ekspertar utanom SSB, som i tett samarbeid med eigne tilsette arbeidde heile hausten 2000 for å forbetre rutiner og dokumentasjon. Målet var å kunne levere ein rekneskap for 2000 med inngåande balanse frå 1999 som Riksrevisjonen ville kunne godkjenne uten merknader. Styret føler seg trygg på at Statistisk sentralbyrå har greidd å nå dette målet, og er også nøgd med at arbeidet med rutinar og instruksar vil halde fram i 2001 slik at situasjonen vil bli betra på meir permanent basis.



**2001**  
Statistisk sentralbyrå  
feirer 125-års jubileum

Foto: hanne Marit Svensrud



### Samansetninga av styret:

Administrerande direktør Åge Danielsen,  
leiar

Forskingssleiar Hege Torp, nestleiar

Politikar Ingrid I. Willoch

Redaktør Thor Bjarne Bore

Ekspedisjonssjef Eva Hildrum

Professor Rune Sørensen

Førstekonsulent Kjell Erik Kordal

### Varamedlemmer:

Rådgivar Ellen Fjeldstad

Direktør Bjørn Henrichsen

Seksjonssjef Berit Kvæven

Forskar Torunn Bragstad

Konsulent Anne Gro Juelsen

### Vidare fullmakter er ønskeleg

Styret er klar over at det ikkje er problemfritt å drive forvaltning etter dei reglar og prinsipp som gjeld for offentlege verksemder. Mellom anna kan kontantprinsippet, som krev at alle bokførte inntekter og utgifter skal balansere i same kalenderår, skape hovudbry og gje uklare styringssignal. Særleg kan dette vere vanskeleg i ein institusjon som Statistisk sentralbyrå med nær en firedel av inntektene finansierte direkte av brukarane. Styret har fleire gonger drøfta om ikkje institusjonen bør ha andre og vidare fullmakter på økonomiområdet enn offentlege verksemder som berre er finansierte over statsbudsjettet, og dialogen med Finansdepartementet om dette vil halde fram også i 2001.

### Brukarar finansierer stadig fleire oppgåver

Styret er positivt til at brukarar finansierer mange oppgåver i Statistisk sentralbyrå. Brukarane er med dette med på å prioritere arbeidet både innan statistikk og forskning, og gjev også nyttig brukarinformasjon til arbeidet som er finansiert over statsoppdraget. Det er likevel grunn til å drøfte i kor stor grad verksemda bør vere avhengig av eksterne midlar, som kan variere sterkt i omfang frå eit år til neste. Eit for stort innslag av brukarfinansiering kan gjere det vanskeleg å sikre eit samanhengande statistikkprodukt og kan føre til at statistikk som eit offentleg gode og den faglege fridomen til Statistisk sentralbyrå kan kome i fare. Styret vil setje

denne problemstillinga på dagsordenen i 2001 som eit ledd i arbeidet med utvikling av ny strategi for SSB.

### Ny strategi

Statistisk sentralbyrå utarbeidde ein strategiplan som vart framlagd tidleg i 1997. I åra etterpå har det skjedd omfattande endringar både internt i verksemda og når det gjeld den teknologiske utviklinga i samfunnet, kva slags behov brukarane har for statistikk og analyse, korleis Statistisk sentralbyrå hentar inn data og dessutan i samfunnet meir generelt. Det er difor behov for ein ny strategiplan. Dette arbeidet starta så smått i 2000 og vil bli ført fram med full tyngd i 2001. Planen vil truleg vere fullført tidleg i 2002. I arbeidet med strategiplan vil ei rad problemstillingar bli drøfta internt i ulike organ i Statistisk sentralbyrå. Mange av desse vil dreie seg om interne forhold av teknisk og organisatorisk art eller eksterne forhold knytte til drøfting av behov og krav hos brukarar og dataleverandørar. Styret på si side vil særleg ta opp spørsmål om den rolla Statistisk sentralbyrå bør ha i det norske samfunnet i framtida. Statistisk sentralbyrå er ei verksemd som sit inne med omfattande kunnskap om det norske samfunnet både i notid og fortid. Det er viktig at verksemda får slike rammer i framtida at ho kan gje både styresmakter, næringsliv og enkeltmenneske den kunnskapen dei treng for å utforme politikk, drive og utvikle eiga verksemd eller for å forstå og ta del i det offentlege ordskiftet.

*Styret vil takke medarbeidarane for den gode innsatsen i 2000.*

Administrerende direktør Åge Danielsen, leder

Forskningsleder Hege Torp, nestleder

Politiker Ingrid I. Willoch

Professor Rune Sørensen

Redaktør Thor Bjarne Bore

Førstekonsulent Kjell Erik Kordal

Ekspedisjonssjef Eva Hildrum

## Eit økonomisk bra år for SSB

*Aktivitetsnivået i 2000 var om lag som året før. Dei brukarfinansierte oppgåvene voks i omfang, mens aktiviteten på statsoppdraget vart noko redusert.*

SSB hadde eit positivt driftsresultat på 1,5 millionar kroner, om lag 3,4 millionar kroner betre enn budsjettert. Forbetringa kjem av ubrukte øyremerkte løyvingar til utviklingsprosjekta IDUN og FoB2001. Korrigert for dette vart driftsresultatet om lag 1,5 millionar kroner dårlegare enn budsjettert.

### Den samla aktiviteten auka

Inntektene i 2000, inklusive refusjonar, var på i alt 466,9 millionar kroner. Verksemda vart gjennomført innanfor budsjetttrammene og stort sett i samsvar med måla som var sette for verksemda i 2000. Aktiviteten i 2000, målt ved utførte årsverk, var om lag som året før. Dei brukarfinansierte oppdraga auka, mens aktiviteten på statsoppdraget vart noko lågare enn i 1999.

### Betre driftsresultat enn budsjettert

Driftsresultatet for 2000 vart på om lag 1,5 millionar kroner, mens det var budsjettert med om lag 1,9 millionar kroner i driftsunderskot. Det var driftsresultatet på statsoppdraget som vart betre enn planlagt, mens driftsresultatet for dei brukarfinansierte oppdraga vart om lag som budsjettert.

Forbetringa i driftsresultatet kjem i hovudsaka av at ein større del av aktiviteten på IDUN-prosjektet er utsett til 2001.

### Rammekutt på statsoppdraget

Når ein ser bort frå pris- og lønsveksten og øyremerkte løyvingar, var det eit rammekutt i budsjettet for 2000 på om lag 8 millionar kroner. Kuttet medførte at aktiviteten i 2000 vart noko redusert og konsentrert om

sentrale område. Ein del oppgåver vart utsette til 2001 eller 2002.

### Auka inntekter frå dei brukarfinansierte oppgåvene

Inntektene frå dei brukarfinansierte oppgåvene vart litt over 13 millionar kroner høgare enn opphavleg budsjettert. Dette kjem i hovudsaka av ein forsiktig budsjetteringspraksis. Inntektene var vel 10 millionar høgare enn i 1999. Departement og andre statsinstitusjonar er dei viktigaste brukargruppene og medverkar med om lag 64 prosent av dei brukarfinansierte inntektene. Delen som vart finansiert av Noregs forskingsråd, var 8,5 prosent i 2000, litt lågare enn året før.

### Inntekter som ikkje er med i årsrekneskapen

Inntekter ved sal av publikasjonar er ikkje med i rekneskapen for Statistisk sentralbyrå. Det er heller ikkje inntekter som følgjer av tvangsmulktar som vart ilagde i samsvar med statistikklova. Salsinntektene er førte i statsrekneskapen under kapittel 4620 post 01 Salsinntekter og utgjorde i alt 4,8 millionar kroner for 2000, som er ein auke frå 1999. Inntektene for tvangsmulkt er førte i statsrekneskapen under kapittel 4620 post 04 Tvangsmulkt og tilsvarte 5,1 millionar kroner i 2000. Det er ein auke på om lag 2 millionar kroner frå 1999.

### Investeringane har minka

I 2000 vart det brukt om lag 5,2 millionar kroner på nyinnkjøp. Dette er lågare enn budsjettert og litt lågare enn nivået i 1999.

## Rekneskapsprinsipp

Statistisk sentralbyrå fører rekneskapane sine etter kontant-prinsippet, slik økonomireglementet i staten krev. Dette gjer at rekneskapen viser dei utgiftene og inntektene som er bokførte i rekneskapsåret. For dei brukar-finansierte oppdraga vil difor berre dei inntektene som faktisk er mottekne, vere med i rekneskapen; uteståande fordringar eller førehandsbetalingar kjem ikkje fram.

### Årsrekneskapen 2000 (1 000 kr)

	Rekneskapen 1999	Budsjett 2000	Rekneskapen 2000	Budsjett 2001
Inntekter <sup>1</sup>	400 500	445 084	457 807	474 741
Statsløyving <sup>2</sup>	311 800	359 400	358 718	360 900
Oppdragsinntekter <sup>3</sup>	88 700	85 684	99 089	113 841
Refusjonar <sup>4</sup>	2 566		9 137	
Sum inntekter <sup>5</sup>	403 066	445 084	466 944	474 741
Utgifter <sup>6</sup>	402 025	446 940	465 427	477 000
Driftsresultat <sup>7</sup>	1 041	-1 856	1 517	-2 259
Overføringar frå året før <sup>8</sup>	10 024	11 065	11 283	12 800
Overføringar til neste år <sup>9</sup>	11 065	9 209	12 800	10 541
<b>Utgifter i alt</b>	<b>402 025</b>	<b>446 940</b>	<b>465 427</b>	<b>477 000</b>
Lønsutgifter <sup>10</sup>	264 460	265 608	279 283	287 739
IDUN ikkje fordelt	0	8 000		
FoB ikkje fordelt <sup>11</sup>	0	42 000	37 151	23 200
Lønsoppgjeret 01.09.99 ikkje fordelt	0	1 168		
Driftsutgifter <sup>12</sup>	137 565	130 164	148 993	166 061
Maskiner, inventar, utstyr <sup>13</sup>	14 404	9 244	18 545	9 241
Forbruksmateriell	5 029	4 875	5 486	6 156
Reiseutgifter o.a. <sup>14</sup>	14 540	14 101	20 742	15 298
Diverse IT-utgifter	20 410	16 964	14 262	19 603
Utgifter til trykking	5 240	4 817	4 888	7 941
Porto	9 023	7 515	8 435	23 600
Telefonutgifter	5 532	4 610	4 158	7 896
EØS-kontingent	6 996	9 300	8 889	9 400
Sakkunnig hjelp <sup>15</sup>	7 411	8 086	15 832	11 608
Bibliotek	1 049	1 160	1 136	1 050
Drift/lokalleige av bygninger	34 619	35 931	35 441	36 910
Diverse driftsutgifter	13 312	13 561	11 180	17 358

## Notar til tabellane

### <sup>1</sup> Inntekter

Inntektene i 2000 var 57 millionar kroner høgare enn i 1999. 41 millionar kroner i auka løyving til Folke- og bustadteljing 2001 (FoB) og 10,4 millionar kroner i auka inntekter frå brukarfinansierte oppdrag stod for den største delen av den nominelle inntektsveksten. Inntektene vart 12,7 millionar kroner større enn budsjettet.

### <sup>2</sup> Statsløyving

Statsløyvinga hadde ein nominell vekst på 47 millionar kroner frå 1999 til 2000. Løyvinga til FoB auka med 41 millionar kroner, medan statsoppdraget ellers hadde ein nominell vekst på 6 millionar kroner. I året vart løyvinga redusert med 5,2 millionar kroner. Av dette var 1 million kroner rammekutt og 4,2 millionar kroner inndraging som følgje av omlegginga til direkte refusjon av sjukepengar. Som tillegg kom ein kompensasjon for verknaden av lønsoppgjeret i 2000 på 4,5 millionar kroner. Netto vart det dermed ein reduksjon på 0,7 millionar kroner i høve til opphavleg budsjett for 2000.

### <sup>3</sup> Oppdragsinntekter

Inntektene frå brukarfinansierte oppgåver var 13,4 millionar kroner høgare enn budsjettet og 10,4 millionar kroner høgare enn i 1999. Auken indikerer ein generell vekst i omfanget av brukarfinansierte oppgåver, noko også budsjettet for 2001 viser.

### <sup>4</sup> Refusjonar

Refusjonane vart i 2000 langt større enn i 1999. Dette kjem framfor alt av omlegginga til direkte refusjon av sjukepengar for fråvær utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar. Refusjon av sjukepengar tilsvarte 5,4 millionar kroner og refusjon av fødselspengar 3,7 millionar kroner i 2000. Etter pålegg frå Finansdepartementet vart all refusjon av sjukepengar ført som inntekt på statsoppdraget, kapittel 4620 post 18, også refusjon for personar som er lønte over post 21 marknadsoppdraget.

### <sup>5</sup> Sum inntekter

I sum var inntektene i 2000 21,8 millionar kroner høgare enn budsjettet og 64 millionar kroner høgare enn i 1999.

### <sup>6</sup> Utgifter

Samla var utgiftene i 2000 465,4 millionar kroner. Dette er 18,5 millionar kroner høgare enn budsjettet og 63,4 millionar kroner høgare enn i 1999.

### <sup>7</sup> Driftsresultat

Driftsresultat vart 3,4 millionar kroner betre enn budsjettet og litt betre enn i 1999. Det er først og fremst på statsoppdraget at driftsresultatet vart betre enn venta. Lågare aktivitet på IDUN-prosjektet



og på Folke- og bustadteljing 2001 enn planlagt førte til innsparingar – eller forbet-ringar av driftsresultatet - på i alt 5 millionar kroner i forhold til budsjettet. Sett bort frå desse innsparingane vart driftsresultatet om lag 2 millionar dårlegare enn budsjettert. På brukarfinansierte oppdrag vart driftsresultatet 0,4 millionar kroner betre enn venta. Kontantprinsippet medfører litt tilfeldige fordelingar mellom år, noko som gjer at Statistisk sentralbyrå vil få inntekter i 2001 for arbeid utført i 2000. I budsjettet for 2001 er det difor budsjettert med om lag 3,3 millionar kroner i driftsresultat på brukarfinansierte oppdrag.

#### <sup>8</sup> Overføringar frå året før

Finansdepartementet melde i brev 5. april 2000 at SSB fekk overført ubrukte løyvingar frå 1999 til 2000 på i alt 11,3 millionar på statsoppdraget og brukarfinansierte oppgåver. Dette er 218 000 kroner meir enn pårekna overføring til neste år i rekneskapen for 1999, slik det går fram av budsjettet for 2000. Overføringa vart 216 000 kroner høgare på brukarfinansierte oppdrag og 2 000 kroner høgare for statsoppdraget enn det som låg i rekneskapen.

#### <sup>9</sup> Overføringar til neste år

Vi legg til grunn at driftsresultatet pluss overføringar frå 1999 kjem til å gje ei samla overføring til 2001 på 12,8 millionar kroner. Beløpet ligg innanfor overføringsløyvet, som er 5 prosent for både stats- og marknadsoppdraget, post 01 og 21.

#### <sup>10</sup> Lønsutgifter

Lønsutgiftene var 13,7 millionar kroner høgare enn budsjettert og 14 ,8 millionar kroner høgare enn i 1999. Lønsutgiftene på statsoppdraget auka med om lag 9 millionar kroner i høve til budsjettet, og utgiftene på oppdragssida auka med om lag 4 millionar kroner. Auken kjem av verknaden av lønsoppgjerer, som på statsoppdraget svarte til om lag 4,5 millionar kroner, og auka lønsutgifter utover det som var budsjettert mot tilsvarande refusjonsinntekter.

#### <sup>11</sup> FoB ikkje fordelt

Av ei samla løyving til FoB på 53 millionar kroner for 2000 vart 42 millionar kroner sette av til bustad-adresseprosjektet, der det meste skulle gå til kommunane for å dekkje aktivitetar dei utførte innanfor prosjektet. I 2000 har Statistisk sentralbyrå

berre betalt 4,8 millionar kroner til kommunane – via Statens kartverk. 37,2 millionar kroner som står som *FoB ikkje fordelt* i rekneskapen for 2000, er midlar som vil bli utbetalte til kommunane i 2001. Utsetjinga i utbetalinga frå 2000 til 2001 inneber inga forseinking i bustad-adresseprosjektet. Kommunane har utført arbeidet som venta i 2000. Dei resterande midlane vil bli utbetalte når arbeidet er slutført, det vil seie i 2001. For 2001 er det løyvd 63,2 millionar kroner til FoB. Av desse midlane er 23,2 millionar kroner sette som ikkje fordelte til bustadadresseprosjektet, der det aller meste vil gå til å dekkje aktivitetar som vil bli utførte av mellom anna kommunane.

#### <sup>12</sup> Driftsutgifter

Driftsutgiftene i 2000 vart 19 millionar kroner høgare enn budsjettert og 11,4 millionar kroner høgare enn for 1999. I høve til nivået i 1999 er den største auken innanfor brukarfinansierte oppdrag, mens det samanlikna med budsjettet er ein auke på om lag 9 millionar kroner både på statsoppdraget og på dei brukarfinansierte oppgåvene.

#### <sup>13</sup> Maskiner, inventar og utstyr

Utgifter til posten *Maskiner, inventar og utstyr* på 18,5 millionar kroner i 2000 var 9 millionar kroner høgare enn budsjettert og 4 millionar kroner høgare enn for 1999. Dette kjem dels av stor uvisse på budsjetterings-tidspunktet, dels av høgare aktivitet enn venta og av at utgifter er budsjetterte på posten *Diverse IT-utgifter*, men rekneskapsførte på *Maskiner, inventar og utstyr*.

#### <sup>14</sup> Reiseutgifter

Utgifter til reiser m.m. vart 7,7 millionar kroner høgare enn budsjettert. Forklaringa på avviket er større aktivitet enn venta og uvisse ved fordelinga av driftsutgiftene på budsjetteringstidspunktet.

#### <sup>15</sup> Sakkunnig hjelp

Utgiftene til sakkunnig hjelp auka med 8,4 millionar kroner i høve til nivået i 1999 og vart 7,7 millionar kroner større enn budsjettert. Auken kom særleg av at aktivitetane som kommunane utfører innanfor bustadadresseprosjektet, FoB, blir utgiftsførte under posten *Sakkunnig hjelp*. Utgiftene til kommunane var på om lag 4,1 millionar kroner i 2000. I budsjettet for 2000 er utgiftene til *Sakkunnig hjelp* under bustadadresseprosjektet inkluderte i *FoB-ikkje fordelt* på 42 millionar kroner.


### Rekneskapen 2000. Statsoppdraget (1 000 kr)

	Rekneskapen 1999	Budsjett 2000	Rekneskapen 2000	Budsjett 2001
Inntekter (statsløyving) <sup>2</sup>	311 800	359 400	358 718	360 900
Refusjonar <sup>4</sup>	2 566	0	9 137	
Sum inntekter	314 366	359 400	367 855	360 900
Utgifter:	315 017	359 849	365 366	366 445
Driftsresultat <sup>7</sup>	-651	-449	2 489	-5 545
Overføringar frå året før <sup>8</sup>	7 177	6 526	6 528	9 017
Overføringar til neste år	6 526	6 077	9 017	3 472
Utgifter i alt	315 017	359 849	365 366	366 445
Lønsutgifter <sup>10</sup>	209 488	209 024	218 336	213 769
IDUN ikkje fordelt	0	8 000		
FoB ikkje fordelt <sup>11</sup>	0	42 000	37 151	23 200
Lønsoppgjeret 01.09.99 ikkje fordelt	0	1 168		
Driftsutgifter <sup>12</sup>	105 529	99 657	109 879	129 476

### Rekneskapen 2000. Større nyinnkjøp (1 000 kr)

	Rekneskapen 1999	Budsjett 2000	Rekneskapen 2000	Budsjett 2001
Inntekter (statsløyving)	7 400	7 500	7 500	7 600
Utgifter	6 056	7 500	5 226	7 600
Ubrukte midlar	1 344	-	2 274	-
Overføringar frå året før	0	1 344	1 344	3 618
Overføringar til neste år	1 344	1 344	3 618	3 618

### Historisk rekneskap. Inntekter 1990-2000. Faste 2000-prisar. Millionar kroner



**Rekneskapen 2000. Brukarfinansierte oppdrag (1 000 kr)**

	Rekneskapen 1999	Budsjett 2000	Rekneskapen 2000	Budsjett 2001
Oppdragsinntekter <sup>3</sup>	88 700	85 684	99 089	113 841
Utgifter	87 008	87 091	100 060	110 555
Driftsresultat <sup>7</sup>	1 692	-1 407	-971	3 286
Overføringar frå året før <sup>8</sup>	2 847	4 539	4 755	3 784
Overføringar til neste år <sup>9</sup>	4 539	3 132	3 784	7 069
Utgifter i alt	87 008	87 091	100 060	110 555
Lønsutgifter <sup>10</sup>	54 972	56 584	60 947	73 970
Driftsutgifter <sup>12</sup>	32 036	30 507	39 113	36 585

**Brukarfinansierte oppdrag etter kundegrupper. 1999 og 2000**

	1999		2000	
	Mill. kroner	Prosent	Mill. kroner	Prosent
I alt	81,4	100,0	99,0	100,0
Departement	34,2	42,0	44,1	44,5
Andre statlege etatar	9	11,0	18,9	19,1
Private kundar	9	11,0	10,1	10,2
Kommunale kundar	1,6	2,0	1,0	1,0
Utanlandske kundar	9,8	12,0	12,1	12,2
Forskinsinstitutt og universitet	6,5	8,0	4,4	4,4
Noregs forskingsråd	11,4	14,0	8,4	8,5

**Riksrevisjonen kritiserte rekneskapen for 1999**

Etter at Riksrevisjonen hadde gått gjennom rekneskapen for 1999, vart SSB kritisert for rekneskapsopplegget og rekneskapsføringa. Rekneskapen for 1999 vart godkjend med atterhald. Atterhaldet kom av at føringa av rekneskapen ikkje var i godt samsvar med krava i regelverket, og derfor var det ikkje fullt ut mogleg å sjå om rekneskapen var ført korrekt. Særleg i høve til lønsrekneskapen var problemet stort, sidan det ikkje var mogleg å spore alle transaksjonane i rekneskapen. Årsaka til dette var både at dei tekniske systema ikkje var gode nok, og at det var manglar i dei manuelle rutinane. På enkelte område vart det også oppdaga feilføringar som gjorde at det var naudsynt med opprettingar i 2000-rekneskapen. Sakshandsaminga av rekneskapen resulterte i at SSB fekk ein merknad i dokument nr. 1 frå Riksrevisjonen, som blir lagt fram for Stortinget kvar haust.

Fleire av dei problematiske sidene ved drifta varte ved fram til hausten 2000, og det var naudsynt å nytte heile 2000 til å løyse dei største problema. Om hausten vart det nytta innleigd konsulenthjelp for å ta igjen etterslepet, slik at gamle saker kunne avsluttast. Vidare vart det gjennomført utviklingsoppgåver slik at økonomi-, løns- og personalsystemet no fungerer betre både kvar for seg og i samspel med kvarandre. Eit anna resultat av gjennomgangen er at Budsjett- og rekneskapsseksjonen no blir forsterka med ei ekstra fagstilling på rekneskapsområdet.

Ettersom kritikken frå Riksrevisjonen var omfattande og gjaldt eit breitt område, har SSB teke han særskilt alvorleg og sett inn mykje ressursar, både internt og ved leige av kompetanse, for å få bukt med problema. Styret vonar at dei betre rutinane som vart resulterte av arbeidet med avslutninga av dei gamle sakene på lønssida, og dei andre utviklingstiltaka som er gjennomførte, vil gjere at rekneskapen for 2000 blir langt betre dokumentert og korrekt enn tilfellet var med 1999-rekneskapen.

## Statistikk om statistikken

I 2000 vart det frigjevne 761 statistikkar frå SSB. Det tilsvare meir enn tre statistikkar kvar einaste arbeidsdag heile året. Talet på oppslag på [www.ssb.no](http://www.ssb.no) auka med 66 prosent frå året før.

### Heilt nye statistikkar og statistikkar som er vesentleg endra i 2000:

- *Arbeidskraftundersøkinga – omlagd med yrkesfordeling og kvartalsvise fylkestal*
- *Avanseundersøking for engroshandel*
- *Avfallsrekneskap for tekstilar*
- *Avfallsrekneskap for tre*
- *Avfall frå bygge- og anleggsnæringa*
- *Byggearealstatistikk – teken opp att etter stans i 1999*
- *Ferjestatistikk – dekkjer no både innreise og utreise*
- *Hushaldsstatistikk*
- *Bruk av IKT i næringslivet*
- *Statistikk for IKT-sektoren for områda Sysselsetjing, Omsetning, Verdiskaping og Utanrikshandel med IKT-varer*
- *Inntektsstatistikk. Personar og familiar*
- *Jordbruksteljing 1999 – førebels tal*
- *Kontinuitet, kontaktfrekvens og velnøye med legetenesta*
- *Verdipapirforetak*

Hovudmålet for 2000 var å halde produksjonsvolumet på det same nivået som tidlegare. Det var eit ambisiøst mål, fordi all produksjon vart flytta over til ei ny teknologisk plattform i samheng med overgangen til 2000, og fordi aktivitetsnivået på statsoppdraget vart redusert. Produksjonsmålet vart nådd. Det vart frigjevne 761 statistikkar i 2000, mot 740 året før, og talet på oppslag på SSBs web auka monaleg. Berre talet på publikasjonsutgjevingar minka litt, til nivået i 1998.

Presisjon, aktualitet, svarprosentar og oppgåvebyrde er andre resultat som det er knytt klare mål til.

- For presisjon er målet at så mange statistikkar som mogleg skal frigivast på det tidspunktet som er førehandsmeldt i statistikkkalenderen. Resultatet i 2000 var nesten like bra som året før.
- Målet om aktualitetsforbetringar er særleg knytt til årsstatistikkane. For månads- og kvartalsstatistikken blir aktualiteten vurdert som god, og måla vart nådde. I sum nådde ikkje aktualiteten for årsstatistikken målet som var sett på førehand.
- Svarprosentane på SSBs spørjeundersøkingar er gjennomgåande gode, men på nokre område er svarprosentane for låge eller fallande.

- Oppgåvebyrda knytt til SSBs undersøkingar utgjer ein forholdsvis liten del av den totale oppgåvebyrda på næringslivet, men ho er svært skeivt fordelt. SSB har enno ikkje fått til eit gjennomført system for samordning av utvala som kan gi høve for å fordele belastninga jamnare.

### Produksjonsvolum

Det var fleire statistikkfrigjevingar i 2000 enn året før. Auken på 2,8 prosent heng saman med at det kom 13 heilt nye statistikkar i 2000, og det kom monaleg fleire nye statistikkar i 1999, både månadsstatistikkar og terminvise statistikkar, som slo ut i mengda året etter. Statistikkfrigjevingar er ikkje det same som statistikkar, sidan nokre statistikkar blir frigjevne fleire gonger i året, til dømes månadsstatistikk og kvartalsstatistikk. SSB har om lag 250 forskjellige statistikkar, som fordeler seg på om lag 200 årlege, 30 kvartalsvise, 15 månadlege og to kvar veke. Ingen statistikkar vart lagde ned i 2000.

Frigjevne statistikkar	1997	1998	1999	2000
I alt	642	754	740	761

### Publikasjonar

I kategorien "tidsskrift" finn vi mellom anna forskjellige enkle tidsskriftutgjevingar som Ukens statistikk, Månadsstatistikk for utan-

rikshandelen, Bygginformasjon og Aktuell utdanningsstatistikk i tillegg til dei meir analyseprega tidsskrifta Økonomiske analyser og Samfunnsspeilet. Talet på utgjevingar i alt gjekk ned til nivået frå 1998. Publiseringa i SSB blir gradvis lagd om frå tradisjonelle tabellpublikasjonar på papir til dagleg webpublisering og meir analyseprega og bearbeidde publikasjonar på papir.

Utgjevingar	1996	1997	1998	1999	2000
I alt	258	268	286	316	284
NOS	83	76	61	64	48
Analysepublikasjonar	66	77	84	97	85
Tidsskrift	109	115	141	155	151
- Økonomiske analyser	9	9	9	9	9
- Samfunnsspeilet	4	4	6	6	6

### Forskningsverksemda – ekstern publisering


Auka internasjonal publisering er eit viktig mål for forskningsverksemda. Omfanget av slik publisering auka i 2000 samanlikna med tidlegare år. Også publiseringa i norske bøker og tidsskrift auka.

Ekstern publisering	1996	1997	1998	1999	2000
Tidsskriftartiklar	28	20	39	24	41
- internasjonale	21	13	17	15	28
- norske	7	7	22	9	13
Bøker og bokartiklar	8	7	4	13	18
- internasjonale	5	-	2	12	13
- norske	3	7	2	1	5

### Oppslag på www.ssb.no

Talet på oppslag på SSBs web auka med 66 prosent frå 1999 til 2000. Utviklinga har gått frå 7,9 millionar i 1998 til 11,9 i 1999 og 19,8 millionar i 2000.

#### Antall web-oppslag



### Høyringar

Statistisk sentralbyrå er ofte høyringsinstans ved utarbeiding av nye lover og forskrifter og i samband med offentlege utgreingar. I 2000 vart det teke stilling til og utarbeidd høyringsfråsegner til 83 slike forslag, ti fleire enn året før. Høyringsfråsegnene er tilgjengelege på SSBs web.

### Medieklipp

Bruken av statistikk og forskings- eller analyseresultat frå SSB blir målt mellom anna ved tal på medieklipp. Talet er basert på eit utval klipp frå dei største aviser, radio og fjernsyn. Talet på medieklipp auka frå 2 429 i 1999 til 3 344 i 2000.


### Målbruk – nynorskprosent

SSB oppfylte ikkje mållova i 2000. Berre 9 prosent av publikasjonane var på nynorsk, og ingen av brosjyrane. Det var derimot monadleg framgang i 2000 for dei daglege statistikkfrigjevingane (23 prosent) og for stillingsannonser (30 prosent) og skjema.

### Spørsmål til biblioteket

Talet på spørsmål til biblioteket auka på 1990-talet, men er no i ferd med å stabilisere seg. Det er markerte endringar i korleis spørsmåla kjem, med nedgang i eksterne besøk og telefonar og ein auke i e-post. Nedgangen i besøk har truleg samanheng med at stadig meir statistikk og andre produkt er tilgjengelege på SSBs web.

### Antall henvendelser til biblioteket



### 1866

Serien Noregs offisielle statistikk (NOS) startar.



**1881**  
Den første Statistisk Aarvog for Kongeriget Norge kjem ut.



### Presisjon og aktualitet

Det blir annonsert i statistikkalendarer når kvar enkelt statistikk skal frigjevast. Det blir lagt stor vekt på at frigjevingstidspunktet skal stemme. Statistikken skal verken kome for tidleg eller for seint. I 2000 kom 85 prosent av statistikkane til førehandsmeldt tidspunkt. Dette er eit litt dårlegare resultat enn året før, da 87 prosent av statistikkane var punktlege. Resultatet har samanheng med at Dagens statistikk overtok etter Ukens statistikk sommaren 1999, noko som førte til at også endringar til dagen etter blir registrert mot tidlegare ei heil veke.

Presisjon. Avvik i høve til annonsert tidspunkt. Prosent				
	1997	1998	1999	2000
Avvik i alt	14	10	13	15
For tidleg	6	2	4	2
For seint	8	8	9	13

Aktualiteten på statistikken blir målt etter kor mange veker det går frå utgangen av referanseperioden til statistikken blir frigjeven eller publisert. Dette er den vanlege måten å måle aktualitet på også internasjonalt. Aktualiteten er gjennomgåande svært tilfredsstillande for månads- og kvartalsstatistikken, mens det framleis er rom for forbetringar for årsstatistikkane.

Aktualitet. Tid frå utgangen av referanseperioden til publisering. Veker			2000	
	1998	1999	Mål	Resultat
Månadsstatistikk	3,8	3,8	3,8	3,8
Kvartalsstatistikk	9,1	8,6	8,2	8,0
Årsstatistikk	44,9	41,0	43,8	45,4

### Oppgavebyrde

Opplysningane om oppgavebyrde er baserte på overslag over gjennomsnittleg tidsbruk per skjema for kvar enkelt oppgavegjevar. Reduksjonen frå 1999 til 2000 har samanheng med at datainnsamlinga til jordbruks- teljinga vart gjennomført i 1999.

Oppgavebyrde. Årsverk	1997	1998	1999	2000
I alt	200	196	188	148
Næringslivet	110	113	138	98

### Svarprosentar

Den delen av oppgavegjevarane som svarer på spørjeskjemaundersøkingar, bestemmer i stor grad kvaliteten av statistikkane som byggjer på undersøkingane. Gjennomgåande er svarprosentane på SSBs undersøkingar høge, særleg for undersøkingar med oppgaveplikt. Sjølv om svarprosentane stort sett er tilfredsstillande, er inntrykket at det stadig blir meir arbeidskrevjande å halde dei på eit akseptabelt nivå. I tabellen nedanfor er lønsstatistikkane utskilde som ei eiga gruppe for å unngå for sterk påverknad på den samla prosent.

Svarprosentar	1998	1999	2000
med oppgaveplikt			
- lønsstatistikkar	84	95	96
- andre	92	91	89
frivillige	69	73	74

### Ressursbruken på forskjellige område

Ressursbruken fordelt på forskjellige område blir berekna på grunnlag av opplysningar i produkt- og timeverkssystemet. Arbeidet med mål- og resultatstyring og revideringa av produkt og produktnummer i 1999 førte til omlegging av verksemdstypane. Tabellen dekkjer difor berre 1999 og 2000. Oversikta viser ressursfordelinga når fråvær (ferie, sjukdom og permisjonar) er halde utanfor.

Timeverksfordelinga på forskjellige typar verksemdar. 1999 og 2000. Prosent	1999	2000
Type verksemd		
I alt	100	100
Statistikkproduksjon	61	61
- løpande statistikkproduksjonar	55	53
- utviklingsprosjekt	6	8
Forskning og analyseprosjekt	9	9
Leiing, administrasjon og planlegging	10	9
Interne støttefunksjonar	20	20

# Travarane held koken

Over 40 prosent av dei vel 900 tilsette har arbeidd i SSB i 20 år eller meir. I løpet av 2000 var det berre fem av desse travarane som slutta.

Til saman var det 77 tilsette som slutta eller gjekk ut i permisjon i 2000. Det store fleirtallet av desse, 72 prosent, hadde vore tilsett i SSB i fire år eller mindre. Dei som slutta, var også gjennomsnittleg yngre enn gjennomsnittet i SSB.

## Kvar tredje har vore i SSB under fem år

41 prosent av dei tilsette har vore i SSB i 20 år eller meir, mens 33 prosent har vore tilsette i kortare tid enn fem år. Det er store skilnader mellom avdelingane når det gjeld tenestetid. Ved Avdeling for næringsstatistikk, som ligg på Kongsvinger, har 70 prosent av dei tilsette meir enn 20 år bak seg i SSB. I Avdeling for økonomisk statistikk og Avdeling for personstatistikk har høvesvis 51 og 40 prosent av medarbeidarane mindre enn fem års fartstid i SSB.

## Fleire kvinner enn menn

Det er fleire kvinner enn menn blant dei tilsette. Fordelinga ved inngangen til 2001 var 55 prosent kvinner og 45 prosent menn. Dette er same fordelinga som eitt år tidlegare. Det er klart fleire kvinner enn menn i aldersgruppene over 35 år og eit fleirtal av menn

Løn for leiarane. 2000. Kroner	
Administrerande direktør	755 000
Forskningsdirektøren	580 000
Avdelingsdirektørane	490 000 - 509 000
Seksjonssjefane/forskningsjefane	355 500 - 435 500
Kontorsjefane	331 100 - 375 000

## Budsjetterte årsverk. 1990 - 2000

	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000
Årsverk i alt	814	785	769	785	798	798	813	823	821	838	839
Statsoppdraget	734	690	659	645	619	612	619	624	652	664	659
Marknadsoppdrag	80	95	110	140	179	186	194	199	169	174	180

under 35 år. I SSB-Oslo er det nokre fleire menn enn kvinner, mens det er stor overvekt av kvinner i SSB-Kongsvinger. 26 prosent av kvinnene og 60 prosent av mennene hadde høgre akademisk utdanning.

## Sjukefråværet gjekk litt ned

Det totale sjukefråværet for 2000 var på 5,0 prosent, mens det var på 5,1 prosent i 1999. To tredelar av sjukefråværet i 2000 var på meir enn 14 dagar. Prosjektet *Trening for helse* vart ført vidare på Kongsvinger i 2000 med gode resultat og skal utvidast til Oslo i løpet av 2001.


## Fleire kvinnelege leiarar

Det er 43 leiarar i SSB. 12 av desse er kvinner, mot ti ved førre årsskiftet. Dette gjev ein kvinnetal som ligg tett opp mot 30 prosent. Gjennomsnittsalderen for seksjonssjefane var 47 år ved inngangen til 2001.


## Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling er eit satsingsområde for SSB. I løpet av året vart det brukt i overkant av 5 millionar kroner til eksternt og internt organiserte utviklingstiltak. 40 prosent av desse midlane vart kanaliserte via Byråskolen, som organiserer den interne kursverksemda. I løpet av året vart det arrangert kurs gjennom Byråskolen med til saman 839 deltakarar. Ei stor satsing på dette området for år 2000 og i åra som kjem, er prosjektet *Systematisk kvalitetsarbeid*. Av andre større utviklingstiltak kan vi nemne den årlege interne prosjektleiarutdanninga (ProMut), som vart gjennomført med 21 deltakarar.


Tilsette etter høgste utdanning. Prosent




Sjukefråvær. 1996-1999. Prosent




Kvinnetal blant tilsette i ulike aldersgrupper. 1991 og 2000. Prosent



Tilsette etter tenestetid. Prosent



Tilsette som slutta i 2000 etter tenestetid. Prosent



# Rapport frå administrerende direktør

*Den faglege uavhengig-  
heten og nøytraliteten  
er ei viktig årsak til at  
mange oppfattar  
Statistisk sentralbyrå  
som ein institusjon dei  
kan lite på. Verken  
politikarar eller  
næringsliv kan legge  
føringar for kva slags  
metodar som skal  
brukast, kva slags resul-  
tat vi kjem fram til eller  
korleis resultatata skal  
publiserast.*

## Lik rett til statistikk

Statistisk sentralbyrå (SSB) er ein institusjon for heile folket. Alle kan nytte seg av den kunnskapen som SSB samlar inn og produserer. SSB er såleis ein serviceinstitusjon for alle. Dei siste åra har dessutan tenestene til SSB i stadig større grad vorte tilgjengelege døgeret rundt ved at stadig fleire av produkta er å finne på SSBs Internett-teneste. Denne tenesta er gratis. Alle kan før eller seinare få bruk for informasjon som ein finn i ein av statistikkane våre, eller som byggjer på resultat frå forskings- eller analyseprosjekt i SSB. Ofte er det i den profesjonelle rolla si i arbeidslivet at den enkelte har slike behov, men kan hende like ofte når ein som vanleg samfunnsborgar deltek i offentleg debatt, i demokratisk meiningsutveksling og i samband med politiske val. I begge høve er det behov for faktisk kunnskap, som er det viktigaste produktet til SSB.

Den faglege uavhengigheten og nøytraliteten er ei viktig årsak til at mange oppfattar Statistisk sentralbyrå som ein institusjon dei kan lite på. I ei undersøking våren 2000 var SSB ein av institusjonane i det norske samfunn som folk hadde mest tiltru til. For at alle skal kunne lite på at SSB er fagleg uavhengig, er det viktig at alle brukarane blir behandla på same måten og har tilgang til same informasjonen om når dei ulike statistikkane skal publiserast. Ein viktig reiskap i denne samanhengen er "Statistikkalendareren", som gjer publiseringsplanane våre tilgjengelege for alle. Det er viktig å verne om denne faglege fridomen og nøytraliteten. Like viktig er det at sikringssystema rundt data er så gode som råd, slik at den enkelte kan vere trygg på at data om han/henne eller verksemda til vedkomande ikkje kjem på avveggar.

## Personalet er den viktigaste ressursen

Som kunnskapsbedrift har SSB gjennom alle år vore oppteke av å utvikle eller få tak i dei best kvalifiserte medarbeidarane. Målet har vore å utvikle personalet slik at dei som har låg og i nokre tilfelle forelda utdanning, får høve til å skaffe seg ny og utvida kompetanse ved interne kurs eller deltaking på eksterne utdanningsopplegg. Målet er at desse skal bli i stand til å utføre meir kvalifisert arbeid.

Samtidig er det viktig for SSB å rekruttere medarbeidarar med høg kompetanse. I dei siste åra har arbeidet også retta seg mot å prøve å få til mindre gjennomtrekk i dei best kvalifiserte gruppene av tilsette. Høg gjennomtrekk i enkelte stillingsgrupper er problem vi nok vil slite med i fleire år framover.

Medarbeidarane i SSB har også i 2000 vist at dei har stor evne til omstilling. Denne evna vil det vere svært viktig å ta vare på også i framtida. Godt kvalifiserte medarbeidarar som er i stand til stor innsats, er den viktigaste ressursen SSB har.

## Målet vart nådd i 2000

Eit viktig mål for arbeidet i 2000 var å halde produksjonen oppe på det same høge nivået som i 1999. Dette innebar at det skulle vere minst like mange statistikkfrigjevingar, og at innsatsen i forskings- og analyseverksemda skulle liggje på minst same nivå som i 1999. Dette var i realiteten eit ambisiøst mål på bakgrunn av at all produksjon i 2000 vart flytta til ny teknologisk plattform. Men målet vart nådd. Det vart frigjeve 761 statistikkar i 2000 mot 740 i 1999. Statistikkane kom nesten alltid på det tidspunktet som var annonsert på førehand. Aktualiteten og svarprosentane på undersøkingane våre heldt seg også på eit tilfredsstillande nivå, sjølv om fallande svarprosentar er eit problem i nokre høve.

Det meste av arbeidsprogrammet vart gjennomført som planlagt, men det er likevel område som har vist seg å vere vanskelegare enn venta. Eit slik område er brukarvenlege interaktive databasar på Internett. Trass i iherdig innsats gjennom fleire år greidde vi ikkje å fullføre dette prosjektet i 2000.

## Merkeår for meir statistikk bygd på administrative data

Datafangsten byggjer stadig oftare på administrative register og rekneskapsdata. Denne utviklinga har fleire fordelar. Byrda med å levere data og oppgåver til SSB kan bli mindre for næringslivet, fordi verksemdene slepp å fylle ut skjema med dei opplysningane som SSB treng. Samstundes kan statistikkarbeidet bli meir rasjonelt og effektivt. Tidleg på året gjennomførte KOSTRA-prosjektet, som har til



**1876**

Anders Nicolai Kiær vart utnemnd til den første direktøren i byrået



oppgåve å leggje elektronisk rapportering til rette mellom kommunar og staten, ei vellukka første runde med innrapportering. Om lag samtidig starta den første omfattande satsinga på å få til elektronisk overlevering av data frå næringslivet, i IDUN-prosjektet, som skal gå over fleire år.

### Satsing på kvalitet blir viktigare

Kvalitetsarbeid var ein viktig del av arbeidsprogrammet i 2000. Kvalitet blir stadig viktigare, også fordi statistikken ikkje berre blir brukt som generell informasjon, men i fleire samanhengar også blir brukt direkte som styringsinformasjon, til dømes til budsjettfordeling frå staten til kommunane, i byggje- og husleiekontraktar og til evaluering og samanlikningar. Dette er ein av grunnane til at SSB ønskte å satse omfattande på kvalitet i 2000. Kvalitet i denne samanhengen består av fleire element, som relevans, dokumentasjon, aktualitet, punktleg publisering og samanheng. Satsinga rettar seg inn mot mange sider av kvalitetsomgrepet. Det vart betre dokumentasjon av ei rad statistikk, det kom forbetra utgåver av fleire spørjeskjema, det vart gjennomført revisjonsopplegg som kjem til å danne mønster seinare, og det vart sett i gang arbeid med systematisk kvalitetsarbeid, som særleg ser på kvalitet i heile arbeidsprosessen. Dette arbeidet vil halde fram i åra framover.

### Publisering og informasjon også på engelsk

Publisering og formidling er viktige område for SSB. Det er viktig å nå brukarane så dei kan nyttiggjere seg statistikk og analyseresultat. Dei seinare åra har strategien vore å nytte Internett til elektronisk formidling. Dette har vore ei vellykka satsing. Det viser tal for kor mange som bruker denne kanalen for å skaffe seg informasjon. I fjor var det nær 20 millionar oppslag på web-en. Hittil har det meste av informasjonen på SSBs web vore på norsk, men i fjor vart det satsa særskilt på å få meir av stoffet omsett til engelsk. No reknar vi med at om lag 60 prosent av dei daglege statistikkfrigjevingane er tilgjengelege for eit engelskspråkleg publikum. I 2000 nådde også SSB målet om at 25 prosent av statistikkfrigjevingane og stillingsannonsane skulle vere på nynorsk, men det er framleis naudsynt med forbetringar for papirpublikasjonane. Ei anna satsing i 2000 var eit krafttak for å publisere metadata, så alle skal kunne sjå kva statistikken byggjer på, kva definisjonar som er nytta, og kva feilkjelder ein må rekne med.

### Satsing på internasjonalt samarbeid

Satsinga på engelskspråkleg publisering har sjølvstøtt samanheng med at den norske statistikken inngår i eit større internasjonalt statistikk-samarbeid, og dette samarbeidet får ein stadig større plass. Særleg sentralt står det samarbeidet med EU gjennom EØS-avtalen. Dette samarbeidet er meir forpliktande enn anna samarbeid. Viktige mål er å utvikle felles metodar og definisjonar, slik at det blir enklare å gjennomføre internasjonale samanlikningar. Rapportering av data og statistikk til internasjonale organ er ein viktig del av dette samarbeidet. Det vart i fjor teke initiativ internt i SSB for å få effektivisert og delvis automatisert dette arbeidet, men det står framleis att ein god del arbeid for å få dette til på ein tilfredsstillande måte. Ein annan viktig del av internasjonaliseringa er statistisk rådgjeving til land som er i ferd med å byggje opp eigne statistiske institusjonar.

### Nye utfordringar - ny strategiplan

I fjor vart det bestemt at det var å tide å setje i gang arbeid med ny strategiplan fordi mange endringar både internt i SSB og utanfor har gjort delar av strategien frå 1997 uaktuell. Mellom anna har utviklinga i elektronisk informasjonsutveksling og publisering gått raskare enn vi hadde rekna med. Det har også skjedd omfattande endringar på ei rekkje av områda på arbeidsprogrammet til SSB etter at Strategiplan 1997 låg føre. Statistikkproduktet er utvida ved at det blir produsert fleire statistikk for tenesteytande verksemder. Likevel finst det område som ikkje er tilstrekkeleg godt dekte med statistikk, sjølv om hovudvekta i tida framover nok kjem til å liggje på forbetringar og kvalitetssikring i den statistikken vi alt lagar. Også det internasjonale samarbeidet har ført til at statistikk har vorte lagde om, mest som ei følgje av det forpliktande statistikk-samarbeidet innan EØS.

Det er mange utfordringar i strategiarbeidet. Samfunnsstrukturen forandrar seg, og dette har mykje å seie for kor enkelt det er å samle inn data for statistikkproduksjon. Grenselinene mellom ulike typar av økonomisk aktivitet i informasjonssamfunnet blir utviska. Einingane endrar seg raskt, små verksemder oppstår og forsvinn, definisjonar og aktivitetar blir stadig meir komplekse, verksemder kan vere utan fysisk lokalisering, og globalisering av heile samfunnet gjer det stadig vanskelegare å registrere både einingar og straumar over landegrensene.

Svein Ingua

*Den høge tiltrua til SSB gjer at vår statistikk brukast direkte som styringsinformasjon, til dømes til budsjettfordeling frå staten til kommunane og i byggje- og husleiekontraktar. Dette har fått SSB til å satse ytterlegare på kvalitet i 2000.*

Foto: Torunn Nilsen

# Avdeling for økonomisk statistikk

Fagdirektør: Olav Ljones

Avdelinga hadde ved utgangen av 2000 195 tilsette (94 kvinner og 101 menn) og utførte til saman 188 årsverk i 2000.

Rekneskapen for 2000 viser 50,6 millionar i løyving over statsbudsjettet og 15,6 millionar i oppdragsinntekter.

Fagdirektørens stab: 3 årsverk

## Seksjon for nasjonalrekneskap

Liv H. Simpson  
27,8 årsverk/Oslo

## Seksjon for miljøstatistikk

Svein Homstvedt  
20,6 årsverk/Oslo/Kongsvinger

## Seksjon for energi- og industristatistikk

Bjørn Bleskestad  
24,6 årsverk/Oslo

## Seksjon for økonomiske indikatorar

Lasse Sandberg  
20,1 årsverk/Oslo

## Seksjon for offentlege finansar og kredittmarknadsstatistikk

Anna Rømo  
27,4 årsverk/Oslo

## Seksjon for arbeidsmarknadsstatistikk

Ole Sandvik  
26,6 årsverk/Oslo

## Seksjon for utanrikshandel

Tom L. Andersen  
19,7 årsverk/Oslo

## Kontor for administrasjon

Stig Braathen  
6,8 årsverk/Oslo

## Kontor for IT

Bjørn Pedersen  
11,5 årsverk/Oslo

## Avdelingen arbeider med

- Arbeidskraftundersøkinga
- Arbeidsløyse blant innvandrarak
- Arbeidstakarstatistikk for innvandrarak
- Arbeidstakarar etter arbeidsstads-kommune og utvalde næringer
- Arealbruk i tettstader
- Avfallsrekneskap for papir og plast
- Bygg- og anleggsavfall
- Eksport av laks
- Elektrisitetsstatistikk
- Elektrisk kraft, prisar
- Emballasjeavfall
- Energibalanse
- Energirekneskap
- Energibruken i industrien
- Finansielle holdingselskap
- Finansinstitusjonar
- Fjernvarmestatistikk
- Folketrygdfondet, balanse
- Fordringar og gjeld overfor utlandet
- Foreldrebetaling i barnehagar
- Forsking og utvikling i norsk næringsliv
- Harmonisert konsumprisindeks for Noreg
- Harmoniserte konsumprisindeksar EU/EØS
- Industristatistikk
- Investeringsstatistikk
- Kommunale gebyr
- Kommunalt avfall
- Kommunalt avløp
- Kommuneforvaltninga, inntekter og utgifter
- Kommunerekneskapsstatistikk
- Konjunkturbarometer
- Konsumprisindeksen
- Kyrkjerekneskapsstatistikk
- Lagerstatistikk
- Livs- og skadeforsikringsselskaper
- Miljøvernkostnader i industrien
- Nasjonalrekneskap
- Offentleg forvaltnings fordringar og gjeld
- Offentleg forvaltnings inntekter og utgifter
- Offentlege innkjøp
- Omsetningsstatistikk
- Opna konkursar
- Ordrestatistikk
- Porteføljeundersøkinga
- Prisindeks for førstegongsomsetning innanlands
- Private og kommunale pensjonskasser og pensjonsfond
- Produksjonsindeks for industrien
- Produsentprisindeksen
- Reinsing og utsepp av avløpsvatn
- Rekneskapsstatistikk
- Sal av petroleumsprodukt
- Satellitrekneskap for turisme
- Skatterekneskapsstatistikk
- Skattetal for OECD-land
- Statsrekneskapen, inntekter og utgifter
- Utanrikshandelen med varer
- Utanriksrekneskap
- Utgifter til utviklingshjelp
- Utslepp til luft
- Varekomsumindeksen
- Vassmagasina, fyllingsgrad
- Årsstatistikk for olje- og gassverksemda

## Hovudrevisjonen av nasjonalrekneskapen er ferdig

Statistisk sentralbyrå publiserte i 2000 dei reviderte nasjonalrekneskapstala for åra 1970-1978. Dette inneber at nasjonalrekneskapstal som er baserte på dei same definisjonane og klassifikasjonane, no ligg føre for alle åra tilbake til 1970.

Tala byggjer på internasjonale retningsliner frå System of National Accounts (SNA) 1993 og Det europeiske nasjonalrekneskapsystemet ENS 1995. Med tilbakerekninga til 1970 tilfredsstillar SSB krava frå Eurostat, samtidig som publiseringa markerer sluttstreken for hovudrevisjonen av nasjonalrekneskapen.

I tillegg til at definisjonane og klassifikasjonane er endra, er det også innarbeidd informasjon frå datakjelder som tidlegare ikkje har vore utnytta i nasjonalrekneskapen for perioden 1970-1978. Revisjonsarbeidet har vore krevjande fordi næringsstatistikk og annan viktig statistikk for 1970-åra i utgangspunktet ikkje er tilpassa dei nye definisjonane.

For bruttonasjonalproduktet er dei reviderte tala for åra 1970-1978 høgare enn dei tidlegare publiserte tala for denne perioden. Det er i næringane varehandel og forretningsmessig tenesteyting vi finn den største oppjusteringa av bruttoproduktet. Revisjonsresultata er i samsvar med dei tala som tidlegare er publiserte frå hovudrevisjonen av nasjonalrekneskapen for åra frå 1978.

Statistisk sentralbyrå har no begynt arbeidet med ein ny og meir avgrensa revisjon av nasjonalrekneskapen, ein såkalla talrevisjon. Det viktigaste formålet med denne revisjonen er å innarbeide ny informasjon om utviklinga i dei tenesteytande næringane for den siste halvdel av 1990-åra.

## Usikre tal om klimagassar

*Nivået på utsleppa av klimagassar kan ha ein feilmargin på opptil 20 prosent. Det viser utrekningar som SSB gjorde i 2000.*


Utsleppet av klimagassar kan berre i få tilfelle direkte målast. Tala blir difor berekna ut frå statistikken over aktivitet og utsleppsfaktorar. I Noreg samarbeider SSB og Statens forureiningstilsyn om denne oppgåva. Men mangel på relevante data og kunnskap gjer at tala kan bli svært usikre. SSB berekna i 2000 at nivået på dei totale utsleppa av dei

gassane som kjem inn under Kyotoprotokollen, kan ha ein feilmargin på opptil 20 prosent. Det er særleg utsleppa av lystgass frå landbruket som er årsak til dette, men det gjeld også utsleppa av metan frå avfallsdeponia og fluorgassar frå produksjonen av aluminium.

Endringa i dei norske utsleppa av klimagassar er utrekna til å ha ein feilmargin på om lag 4 prosent. I Kyotoprotokollen har dei forskjellige landa forplikta seg til å redusere utsleppa med forskjellige prosentverdiar. Noreg har til dømes høve til å auke utsleppa med berre 1 prosent frå 1990 til 2008-2012. Ein feilmargin på 4 prosent inneber at det kan bli vanskeleg å vere sikker i 2010 på at utsleppa faktisk har minka så mykje som landa har forplikta seg til. Kyotoprotokollen opnar for kjøp og sal av klimagasskvotar mellom land. Slik handel er også under utgreiing internt i Noreg. Usikre utsleppstal kan gjere slik handel meir komplisert.

Forbetringar i reknemetodane vil føre til at tala i framtida kan bli sikrere enn dei er i dag, men dei vil likevel ikkje vere heilt pålitelege. Rapportane som landa sender inn, må difor truleg gjennom ein ekstern revisjon som kan sikre at tala ikkje blir tilpassa dei fastsette måla.

## Utslepp av klimagassar i Noreg. 1987-2000



## 1956

Forskingssjef Odd Aukrust disputerer for den filosofiske doktorgraden om den teoretiske og praktiske oppbygginga av ein nasjonalrekneskap.


## Analyse som takk

*Om lag 1 000 bedrifter som fylte ut skjema om energiforbruket i industrien i 2000, har fått ein spesiell takk i posten: fire-fem faktaark med ein analyse av energiforbruket i bedrifta.*

Der kan det til dømes stå: *Bakeriet ditt kunne ha redusert energiutgiftene med 65 500 kroner dersom det hadde brukt like lite energi per tonn ferdige varer som dei mest energi-effektive bakeria.*

På faktaarka får kvar bedrift oversikt over sitt eige energiforbruk, korleis energiforbruket er fordelt på elektrisk kraft, diesel, fyringsoljer eller andre energivarer, kva pris som skal betalast for energien, og kor mykje energi bedrifta bruker på å produsere eitt tonn med varer. Energibruken til bedrifta blir også samanlikna med gjennomsnittet for bransjen og med dei bedriftene som bruker minst

### Samansetning av energibruken. Bedrift og bransje. Prosent



energi for å produsere eitt tonn varer. Dermed får kvar bedrift ei oversikt over korleis ho ligg an, og kva det teoretisk sett er mogleg å spare på å leggje om energibruken.

Det er første gong Statistisk sentralbyrå sender spesialsyddde analysar tilbake til bedrifter som er med i ei undersøking. Dette prosjektet er delvis finansiert av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), som ønskjer å gjere bedriftene merksame på energiforbruket og korleis dei kan spare energi. Sparepotensialet er teoretisk, og at lokale tilhøve kan gjere det lønsamt å fortsetje å bruke meir energi enn andre i bransjen, til dømes dersom det er

svært kostbart å kjøpe nytt, energieffektivt utstyr. Forskjellar i energibruken kan òg vere knytte til ulik samansetjing av dei produkta bedriftene produserer i ein bransje. SSB ber bedriftene svare på om informasjonen er nyttig, og eventuelt kome med forslag til endringar.

SSB har lagt om produksjonen av energistatistikken for industrien, slik at resultata blir betre og kjem raskare ut til brukarane. Tidlegare var spørsmål om energibruken ein del av skjemaet i strukturstatistikken for industrien, men dei er no utskilde i eit eige skjema, som bli sendt til eit utval av bedrifter. Tidlegare utsending og meir intensiv revisjon og produksjon av førebels tal gjer at statistikken no blir publisert elleve månader etter utgangen av referanseåret. Samanlikna med tidlegare år er det også gjort forbetringar i kontrollrutinane og brukt meir tid på å sikre kvaliteten i data. Som ein del av prosjektet er det også utarbeidd to nye bransjerapportar over energibruken i industrien, ein webrapport og ein trykt rapport.

### Kor mykje forskar Noreg?

Statistisk sentralbyrå gjennomfører annakvart år ei undersøking over kva næringslivet bruker av ressursar på forskning og utviklingsverksemd (FoU). Tilsvarande undersøking innan instituttsektoren og universitets- og høgskolesektoren blir gjennomført av Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU). Til saman gjev undersøkingane svar på kor mykje Noreg bruker på FoU kvart år.

Omtrent halvparten av norsk FoU blir utført i næringslivet. Dette er om lag som i dei fleste andre OECD-landa. Undersøkinga til Statistisk sentralbyrå inneheld mellom anna opplysningar om FoU-finansiering, FoU-personell og type forskning og korleis dette fordeler seg på dei forskjellige næringane.

Statistikkane blir utarbeidd på oppdrag frå Noregs forskingsråd og blir laga etter retningslinjer som er trekte opp av OECD og EU. Tilsvarande undersøkingar blir gjennomførte i dei aller fleste andre OECD-landa, og samanlikninga med andre land har etter kvart vekt stor interesse. I 1999 brukte Noreg 1,7 prosent av BNP på FoU, mens til dømes Danmark og Finland brukte høvesvis 2,1 og 3,1 prosent. Også Sverige og Island brukte

meir av BNP på FoU enn Noreg i 1999. Noregs BNP ligg ein del høgare enn det nabolanda våre kan vise til for sin del, men også målt i kroner per innbyggjar blir Noreg liggjande nedst på den nordiske lista.

### Sjuefråværsstatistikk framleis fråverande

Heller ikkje i 2000 kunne SSB presentere ei samla oversikt over sjukefråværet i Noreg. Årsaka er at Rikstrygdeverket ikkje har hatt konsesjon til å opprette eit register over alle sjukemeldingane. Mot slutten av året vart Rikstrygdeverket og Datatilsynet einige om ei rammeavtale, så no ser det ut til at registret kan opprettast i nær framtid. Deretter blir det mogleg for SSB å lage statistikk ut frå tala.

I dag finst det ingen statistikk over alt sjukefråværet i Noreg, berre fragmenterte oversikter over til dømes statstilsette, kommunetilsette og tilsette i NHO-bedriftene.

### Nye eigarformer gjev statistikk-trøbbel

*Stadig fleire offentlege etatar har fått nye eigarformer. Det skaper utfordringar for SSB, som skal lage statistikk om dei.*

Sjølv om det ikkje har skjedd så mykje direkte privatisering av selskap som det offentlege eig, har det vorte gjennomført dereguleringar innanfor område som tidlegare var heilt dominerte av offentlege aktørar. Det er til dømes opna for konkurranse på kraftmarknaden, innan telesektoren og på lækjemiddelområdet. Regjeringa ønskjer også å delprivatisere Statoil, og Telenor er nyleg delprivatisert og notert på børse. Elles har vi også eksempel på at delar av sektorar er opna for konkurranse, til dømes på post- og alkoholområdet.

Det går eit hovudskilje mellom tilknytingsformene for verksemdar som er ein del av staten eller kommunane som juridiske personar, og tilknytingsformer der verksemdene er sjølvstendige rettssubjekt.

For SSB kan situasjonen i dag opplevast som kaotisk, med ei rekkje forskjellige tilknytingsformer, alt frå offentlege forvaltningsverksemdar til heilt fristilte selskap, både på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå.

I Noreg bestemmer kvar enkelt kommune og kvart enkelt kommunestyre kva for organisasjonsform som skal veljast, slik at vi kan finne til dømes vassverka på heile skalaen frå totalt kommunestyrt til eige aksjeselskap. Tidlegare fanst i hovudsak all informasjon om offentlege organ og selskap som bruttobudsjetterte einingar i stats- og kommunerekneskapane. I dag må SSB leite i Einingsregisteret i Brønnøysund for å finne ei oversikt over mange av føretaka, men heller ikkje der er alle særbedriftene, mellom andre dei nettobudsjetterte forvaltningsorgana, registrerte.

I nasjonalrekneskapen blir det skilt mellom marknadsretta og ikkje-marknadsretta verksemd i offentlig sektor, og i dag er det svært vanskeleg å vere sikker på at alle aktørane er rett klassifiserte.

Gjennom mellom anna KOSTRA (sjå side 37) har SSB fått ein viss rutine i å fange opp dei nye tilknytingsformene i offentlig sektor, men enno er det problem med å kartleggje til dømes offentlege tenester som blir sette ut på anbod til privat sektor, og kommunal eigedomsforvaltning der kommunane sel ut eigedommer til private aktørar, for så å leige dei tilbake igjen.



# Avdeling for personstatistikk

Fagdirektør: Johan-Kristian Tønder

Avdelinga hadde ved slutten av 2000 179 tilsette (99 kvinner og 80 menn) og utførte til saman 171 årsverk i 2000. I tillegg kjem 140 timebetalte intervjuarar som arbeider på heimstadene sine.

Rekneskapen for 2000 viser 48,8 mill. i løyve over Statsbudsjettet og 23,3 mill. i oppdrag-sinntekter i tillegg til 14,8 mill. til Folke- og bustadteljinga 2001 over Statsbudsjettet.

Fagdirektørens stab: 4,6 årsverk

## Seksjon for demografi og levekårsforskning

Kari Skrede  
14,7 årsverk/Oslo

## Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk

Elisabetta Vassenden  
43,6 årsverk/Kongsvinger

## Seksjon for helsestatistikk

Ann Lisbet Brathaug  
27,3 årsverk/Oslo

## Seksjon for intervjuundersøkingar

Helge Næsheim og Anne Skranefjell  
26,3 årsverk/Oslo

## Seksjon for levekårsstatistikk

Berit Otnes  
21 årsverk/Oslo

## Seksjon for folke- og bustadteljing

Paul Inge Severeide  
14 årsverk/Kongsvinger

## Kontor for administrasjon

Johan H. Heir  
7,8 årsverk/Oslo

## Kontor for IT

Kristian Lønø  
11,8 årsverk/Oslo

## Avdeling for personstatistikk arbeider med

- Adopsjonar
- Ambulansetenesta
- Arbeidsmiljø og omstilling
- Barn
- Barnehagar
- Barnevern
- Befolkningsframskrivingar
- Bøker, aviser og periodika
- Den norske kyrkja
- Døde
- Dødsårsaker
- Eldresenter
- Elevar og studentar
- Elevar under lov om vidaregåande opplæring
- Etterforska lovbrøt
- Fag- og forskingsbibliotek
- Fengslingar
- Flyktningar
- Flyttingar
- Folkemengd
- Forbruksundersøkinga
- Fjernundervisningsinstitusjonar
- Fødde
- Grunnskolar
- Haldning til innvandrarar og innvandringspolitikk
- Inngåtte ekteskap og registrerte partnerskap
- Innvandrarbefolkninga
- Kommunehelsetenesta
- Kontantstøtte, tilsynsordning og yrkesdeltaking
- Kosthald blant spedbarn
- Levekåra til studentane
- Levekårsundersøkinga
- Lærarar
- Lærlingar og avlagde fagprøver
- Melde lovbrøt
- Museum og samlingar
- Norsk mediebarometer
- Opplæringsverksemda til studieforbunda
- Overgang til norsk statsborgarskap
- Pasientstatistikk
- Personell i barnevernstenesta
- Personell i sosialtenesta
- Pleie- og omsorgstenester
- Rekneskapsstatistikk for private barnehagar
- Røykjevanane til nordmenn
- Røysteføre ved val
- Sambuarstatistikk
- Skilsmisser og separasjonar
- Sosialhjelp
- Spesialisthelsetenesta
- Steriliseringar
- Studentar ved universitet og vitskapelege høgskolar
- Svangerskapsavbrøt
- Svalbardstatistikk
- Tidsbruk
- Trus- og livssynssamfunn
- Tvistemål behandla av forliksråda
- Utanlandske statsborgarar
- Økonomisk sosialhjelp

## Fastlegereforma reformerer statistikken

Sommaren 2001 skal alle i Noreg få sin faste lege. Frå da av vil vi også få betre statistikk over kva som skjer hos allmennlegane.

I dag finst nesten ingen statistikk om allmennlegetenesta utover talet på legar. Hausten 2000 sette Statistisk sentralbyrå i gang prosjektet Sentrale data for allmennlegetenesta (SEDA) på oppdrag frå Sosial- og helsedepartementet. Prosjektet går ut på å overføre data frå dei elektroniske pasientjournalane til SSB, slik at det kan lagast statistikk over mellom anna kvifor folk kjem til legen, kor ofte dei går til legen, om dei blir sende vidare i helsevesenet, og kva slags diagnose og behandling dei får. Resultata skal mellom anna brukast i oppfølginga av fastlegereforma.

## Utanfrå - men heime

Konferansen "Utenfra, men hjemme - innvandrerungdom i storbyen" vart halden i Oslo i mars 2000 med nærare 400 deltakarar. SSB hadde på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) samla ein del statistikk om barn og unge med innvandrarakgrunn, og dette tilfanget vart utdelt til alle deltakarane. Arrangør var Noregs forskingsråd i samarbeid med KRD og Barne- og familiedepartementet. Både foredrag og parallelle sesjonar tok opp ungdoms- og innvandrarrelaterte problemstillingar.

Tilfanget frå SSB dekkjer fire felt: demografi, utdanning, kriminalitet og barnevern. Det er også tilgjengeleg på webtenesta i SSB.

## Statistikk for små område

Det er ein sterk vekst i etterspørselen etter befolkningsstatistikk for små område, det vil seie på lågare nivå enn kommunane. Grunnkrins er den minste eininga SSB i dag produserer statistikk for, men grunnkrinsane er svært forskjellige både i innbyggjartal og utstrekning. Det er særleg stor forskjell på grunnkrinsar i tettbygde og grisdreinte strøk. SSB har no sett i gang eit prosjekt der vi samanliknar geografiske område med lik utbreiing (til dømes ruter på 1 km<sup>2</sup>).

## Sambuarane flytter inn i statistikken

Hittil har det vore vanskeleg å lage god statistikk over sambuarpar, sidan dei ikkje blir registrerte på den same måten som gifte. Hausten 2000 vart det sett i gang eit prosjekt som skal utvikle ny statistikk over inngåtte og oppløyste sambuarskap. Målet er óg at den løpande statistikken over befolkningsendringar og familieforhold skal blir meir i samsvar med den faktiske situasjonen. Prosjektet er finansiert av Barne- og familiedepartementet.

## Statistikk om abort og steriliseringar er omlagd

Statistikkane om svangerskapsavbrot og steriliseringar vart omlagde i 2000, og produksjonsprosessen er vesentleg forenkla. Statistikken om svangerskapsavbrot blir publisert i april, mens vi planlegg at steriliseringsstatistikken blir publisert til hausten.

## Barn med astma får ikkje alltid trygda dei har rett på


Familiar med astmatiske barn veit ikkje alltid kva rettar dei har til trygdestønader. Mens om lag 4 prosent av alle barn under ni år har astma, er det berre 0,5 prosent som får stønad. Det er særleg familiar med høg utdanning og med kontakt med helsepersonell som informerer dei om rettar, som får dei stønadene dei har krav på. Det viser ei undersøking frå SSB som vart presentert våren 2000.

Gjennom periodiske undersøkinger blant kronikarar og andre hyppige brukarar av helsetenester, er det eit mål å sjå korleis velferdstenestene fungerer. Eit sentralt tema er korleis gode og behandlingstilbod varierer frå person til person.

## Vi vart 4,5 millionar

I slutten av september 2000 fekk Noreg sin innbyggjar nummer 4 500 000. Fleire av byane i Noreg kunne også feire runde folketal i 2000, ifølgje statistikk frå SSB. Bergen passerte 230 000 innbyggjarar, Trondheim 150 000 og Tromsø 60 000. 1. januar 2001 var det 4 503 364 innbyggjarar i Noreg. Aldri før har det budd så mange menneske her i landet. I 1975 runda vi 4 millionar, og sidan den gong har folketalet i gjennomsnitt stige med rundt 20 000 i året.

Delen sambuarar i ulike aldersgrupper. Menn 1999. Prosent



## Den representative Undersøkellesmetode.

Presentert av direktør Kiær i 1895 ved Det internasjonale statistiske institutt i Bern



## 1892

Dei første social-statistiske undersøkingane

### Sosialt utsyn – for siste gong?

Våren 2000 kom Sosialt utsyn for åttande og truleg siste gong i si noverande form. Sosialt utsyn er meint å gje ei brei oversikt over korleis vi lever i Noreg, og i 2000-utgåva vart dei siste 20 åra oppsummerte slik: Både inntekt og forbruk har auka kraftig i perioden. Samstundes har forskjellane vorte større; vi har fått *både* fleire sosialklientar og fleire med særst høg inntekt. Kvinnene deltek no i større grad på arbeidsmarknaden og i utdanningssystemet, men dei har framleis hovudansvaret for heim og barn, og det er få kvinnelege leiarar i næringslivet.

Sosialt utsyn har kome med jamne mellomrom sidan 1974 og handlar mellom anna om utdanning, arbeid, inntekt, helse, sosial deltaking, fritid og kultur, kriminalitet, familietilhøve og korleis folk bur. 2000-utgåva er truleg siste gong Sosialt utsyn kjem som ei samla bok.

I framtida skal det i staden kome mindre publikasjonar som tek for seg kvar sitt tema, og det blir kvart år ein fyldig oversiktsartikkel i Samfunnsspeilet som skal kommentere utviklinga med omsyn til dei viktigaste levekårsaspekta.



*Folketeljningane er ei hovudkjelde til kunnskap om befolkninga, og dei har vore gjennomførte kvart tiande år. Teljinga som skulle ha vore gjennomført i 1940 vart utsett og først gjennomført i 1946, den neste kom alt i 1950.*

### Folke- og bustadteljinga steg for steg

*Den aller siste skjemabaserte folke- og bustadteljinga i Noreg blir gjennomført i 2001. Førebuingane er mange og omfattar mange menneske både i og utanfor SSB.*

Det er 11 år sidan den førre folke- og bustadteljinga i Noreg. I 1990 var det berre eit utval av befolkninga som skulle svare på skjema. I 2001 blir alle personopplysningane henta frå forskjellige offentlege register, mens SSB gjennomfører ei fullstendig skjemateljing for bustader og hushald. Samtidig blir grunnlaget lagt for at ein i framtida kan lage statistikk av denne typen utan slike skjemabaserte teljingar.

### Mykje informasjon blir samla inn av andre offentlege institusjonar

Mesteparten av dei data som er nødvendige i folke- og bustadteljinga, blir allereie samla inn av andre offentlege institusjonar. Alt i teljinga i 1970 tok SSB i bruk slike registerdata, og omfanget har auka sidan den gong. I dag kan alle personopplysningane som skal vere med i teljinga, hentast inn på denne måten. Men kvaliteten er varierende, og som ein del av Folke- og bustadteljinga 2001 gjennomfører SSB ei rekkje kvalitetsførebuande tiltak. Desse er retta både mot dei administrative registra og mot SSBs egne system for samstilling og utnytting av data frå ulike kjelder. Det som manglar for å gjennomføre ei fullstendig registerbasert teljing i 2001, er opplysningar om bustader og hushald.

### Alle får si eiga adresse

Denne mangelen skal utbetrast gjennom eit prosjekt der alle bustadene i Noreg skal få ei unik adresse. I dag er det berre ein bustader og rekkjehus som har det. Dei som bur i leiligheter i blokker eller andre fleirbustadhus, har den same offisielle adressa som dei andre i den same oppgangen. Ved å gjennomføre dette prosjektet fullfører vi altså eit system som i dag berre er halvvegs. Det er upraktisk for mange formål at ikkje alle har ei eiga adresse som er forskjellig frå adressa til naboen. I Danmark og Finland har dei ordna dette for lengst. Noreg gjer noko med det no, og Sverige kjem etter fram mot 2005. Dette bustadadresseprosjektet har vore under arbeid i heile 2000 og held fram i 2001 fram til folke- og bustadteljinga er gjennomført i november. Prosjektet blir drive av Statens kartverk, som eigar av GAB-registeret (Grunnei-



*Folke- og bustadteljinga omfattar både små og store bustader.*

skal denne adressa først inn i Folkeregisteret, i samsvar med dei nye adressene i GAB-registeret. Vidare blir utvalde bustadopplysningar overførte frå bustadteljinga til GAB-registeret. Slik får Noreg eit komplett registersystem for data av denne typen, og det blir ikkje lenger nødvendig å gjennomføre skjema-baserte folke- og bustadteljingar. Registersystemet vil gjere SSB i stand til å produsere betre statistikk på sentrale område som bustader og hushald, og det blir mogleg å produsere "teljingsdata" når det måtte vere bruk for det.

### Prøveteljinga i 2000

Prøveteljinga 4. november 2000 vart gjennomført i Stange i Hedmark og var ei generalprøve for hovudteljinga der alle aspekta ved teljinga vart testa, ikkje minst tilknyttinga til bustadadresseprosjektet. Ei telefonundersøking vart gjennomført blant eit utval av befolkninga i Stange for å høyre kva dei meinte om prøveteljinga.

Alle sidene ved prøveteljinga blir evaluerte og nøye vurderte. Alt saman er avgjerande for å justere forma på og innhaldet i den store teljinga i 2001.

Prøveteljinga i Stange viste at vi stort sett er på rett veg. Deltakingsmålet vart nådd: 70 prosent av husstandane i Stange svarte, og det er eit godt resultat i ei frivillig undersøking. I sjølve hovudteljinga, der alle er pliktige til å svare, skal vi ha ei deltaking heilt opp mot 100 prosent. Sjølv skjemaet ser ut til å ha fungert godt; folk har forstått spørsmåla. Samtidig har informasjonen nådd fram, for dei fleste visste om teljinga før dei fekk materialet i posten. Det som førebels ikkje fungerer godt nok, er adressemerkinga. I Stange var det problem både når det gjaldt om folk faktisk fekk adressemerket, og om dei fylte ut den nye presise adressa på skjemaet. Betre informasjon, presisering av adresse-spørsmålet på bustadskjemaet og forbetring av sjølve materialet som skal sendast ut, blir difor viktige tiltak i 2001.

**Meir info:** <http://www.ssb.no/fob2001/>



gedoms-, adresse- og bygningsregisteret), Skattedirektoratet, som eigar av Det sentrale folkeregisteret (DSF) og Statistisk sentralbyrå, som har prosjektleiinga.

Det er Stortinget som har avgjort at alle bustadene i Noreg skal ha ei unik adresse. For å få til dette må vi først identifisere alle bustadene i fleirbustadhus og la dei få ei unik adresse. Denne oppgåva er svært stor i seg sjølv og involverer alle kommunane i Noreg. Dei nye, utvida adressene skal først inn i GAB-registeret. Deretter skal kvar av dei aktuelle bustadene (blokkleilegheiter etc.) få eit adressemerke, som alle skal feste på innsida av karmen til inngangsdøra. Adresse-merket inneheld *noverande adresse* og i tillegg eit *bustadnummer*. Til saman utgjer dette den nye *bustadadressa*. Bustadnummeret består av fem teikn. Dei tre første viser etasjen bustaden ligg i, og dei to siste viser nummeret på bustaden innan etasjen. Dette nummeret skal mellom anna brukast i flyttemeldingar og ved sal av bustaden.

### Bustadteljinga 2001

3. november 2001 skal bustadteljinga gjennomførast ved at alle familieane her i landet får eit skjema med spørsmål om bustaden og hushaldet. Her skal husstandane som bur i eit fleirbustadhus, mellom anna fylle ut den nye, utvida adressa til bustaden. 1. juli 2002



### 1920

#### Folketeljing

Folkemengd 2 649 775.  
45 prosent budde i tettbyggt strøk

# Avdeling for næringsstatistikk

Fagdirektør: Nils Håvard Lund

Avdelinga hadde ved slutten av 2000 238 tilsette (161 kvinner og 77 menn) og utførte til saman 211 årsverk i 2000.

Rekneskapa for 2000 viser 59,3 millionar kroner i løyving over statsbudsjettet og 9,0 millionar kroner i oppdragsinntekter.

## Seksjon for bedriftsregister

Jan O. Furseth  
26 årsverk/Kongsvinger

## Seksjon for inntekts- og lønsstatistikk

Per Ove Smogeli  
33,3 årsverk/Kongsvinger

## Seksjon for primærnæringsstatistikk

Ole O. Moss  
27,3 årsverk/Kongsvinger

## Seksjon for samferdsels- og reiselivsstatistikk

Peder Næs  
27,5 årsverk/Kongsvinger

## Seksjon for datafangst

Knut Kvisla  
44,4 årsverk/Kongsvinger

## Seksjon for bygg- og tenestestatistikk

Roger Jensen  
35 årsverk/Kongsvinger

## Kontor for administrasjon

Heidi Karin Nylænder  
4,5 årsverk/Kongsvinger

## Kontor for IT

Matz Ivan Faldmo  
11,5 årsverk/Kongsvinger

## Avdelingen arbeider med

- Aksjar
- Alkohol
- Arbeidskonflikhtar
- Arveavgift
- Bilar vraka mot pant
- Bruttofrakter og driftsutgifter for skip i utanriksfart
- Byggjearealstatistikk
- Byggjekostnadsindeks, anlegg
- Byggjekostnadsindeks, bustader
- Byggjekostnadsindeks, rørleggjararbeid i kontor- og forretningsbygg
- Bygningsmasse
- Camping
- Detaljomsetningsindeksen
- Egedomsomsetning
- Elgjakt
- Elvefiske etter laks og sjøaure
- Ferjetransport mellom Noreg og utlandet
- Ferieundersøkinga
- Fiskeoppdrett
- Forsking og utviklingsarbeid
- Godsbilar
- Godstransport med lastebil over grensa
- Hamnestatistikk
- Hjortejakt
- Hjortevilt. Registrert avgang utanom ordinær jakt
- Hotell- og restaurantverksemd
- Hotellstatistikk
- Hurtigruten Bergen – Kirkenes
- Husdyrhald
- Hytteformidlarar
- Hyttegrender
- Innanlandsk rutefart
- Innanlandske transportytingar
- Inntekt aksjeselskap
- Inntekt folketrygdpensjonistar
- Inntekt innvandrarar
- Inntekt oljeselskap
- Inntekt personleg næringsdrivande
- Inntekts- og formuesfordeling for kvinner og menn
- Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald
- Interesseorganisasjonar
- Investeringsiltak i jordbruket
- Jegerregister
- Jordbruksareal og husdyr
- Jordbruksavlingar
- Kloakk- og renovasjonsverksemd
- Kontrollerte slakt
- Korn og oljevekstar
- Kostnadsindeks for lastebiltransport
- Kvadratmeterprisar for eine bustader
- Landbruksvikarordninga
- Landtransport
- Lastebilundersøkinga
- Løn tilsette i byggje- og anleggsverksemd

- Løn tilsette i finansiell tenesteyting og forsikring
- Løn tilsette i forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift
- Løn tilsette i helse- og sosialtenester
- Løn tilsette i industri
- Løn tilsette i kommunal og fylkeskommunal verksemd
- Løn tilsette i kraftforsyning
- Løn tilsette i olje- og gassutvinning og bergverksdrift
- Løn tilsette i privat undervisning
- Løn tilsette i samferdsel
- Løn tilsette i skoleverket
- Løn tilsette i sosiale og personlege tenester
- Løn tilsette i varehandel
- Løn heiltidstilsette funksjonærar i industri og byggje- og anleggsverksemd
- Løn sjøfolk på skip i innanriks sjøfart
- Løn statens embets- og tenestemenn
- Lønsending
- Lønsindeks
- Noregs fiskeri
- Norskregistrerte skip i innanriksfart
- Omsetning
- Ordrar byggje- og anleggsverksemd
- Pensjonsordningar utanfor folketrygda
- Personleg tenesteyting
- Prisindeks for engroshandel
- Prisindeks, bruktbustad
- Prisindeks, nye einebustader
- Prisstatisikk for nye fleirbustader
- Produksjonsindeks, bygg og anlegg
- Registrert avgang av store rovdyr og ørn
- Rekneskap ikkje-finansielle aksjeselskap
- Reisebyrå
- Rutebilar
- Sjølvmeldingsstatistikk
- Sjøfiske etter laks og sjøaure
- Sjøulykker
- Skatt
- Skatt for kraftverk
- Skatt for reiarlag
- Skogavverking
- Skogkultur
- Skogsvegar for motorkøretøy
- Småviltjakt
- Stoppene til norskregistrerte skip i utanlandske hamner
- Timeforteneste i industri og privat byggje- og anleggsverksemd
- Utvalsteljing for landbruket
- Vegtrafikkulykker med personskade
- Vegtrafikkulykker med vogntog
- Villreinjakt
- Volumindeks for engroshandel

### Byggjearealstatistikken i gang igjen

Statistisk sentralbyrå tok i november opp att publiseringa av den månadlege byggjearealstatistikken etter at vi stoppa statistikken i mars 1999 fordi datagrunnlaget var for dårleg.

Statistikken baserer seg på innrapporteringa av byggjeverksemda frå kommunane til GAB-registeret (Grunneigedoms-, adresse- og byggningsregisteret) hos Statens kartverk. Denne innrapporteringa har vore for sein frå kommunane. Byggjearealstatistikken inneheld viktig informasjon for offentlege planleggjarar, politiske avgjerdestakarar og byggjebnansjen. I tillegg fungerer statistikken som ein konjunkturindikator, eit mål på korleis det er med norsk økonomi. At slik statistikk har mangla, har difor vore eit stort sagn for mange brukarar.

Både Statistisk sentralbyrå og Statens kartverk har lagt ned store ressursar i å kartlegge kvifor rapporteringa til GAB-registeret har vore for sein. Både SSB og Statens kartverk kontakta dei kommunane som var altfor seine med registreringa, og resultatet var at forseinkinga vart redusert. Frå april til september i 2000 var den gjennomsnittlege forseinkinga i registreringa av bustader som er sette i gang, på tre månader, og dermed er ho på eit nivå som gjer at Statistisk sentralbyrå kan publisere statistikken igjen. Til samanlikning var den gjennomsnittlege forseinkinga for bustader i 1999 fem månader, altså to månader meir. For yrkesbygg var rapporteringa frå april til september i 2000 3,9 månader for sein, medan forseinkinga var 5,3 månader i 1999. I tillegg til at forseinkinga har

vorte mindre, varierer ho heller ikkje så mykje frå månad til månad som ho gjorde i 1999.

### Vel 350 000 bedrifter på kartet

*Omkring 350 000 bedrifter i Bedrifts- og føretaksregisteret (BoF) er i ferd med å bli plasserte på kartet med presise koordinatar.*

Alt i alt er det 450 000 bedrifter i Bedrifts- og føretaksregisteret i Statistisk sentralbyrå. Det betyr at nær tre fjerdedelar av alle bedriftene no er i ferd med å bli plasserte med presise geografiske koordinatar og kjem på kartet, fortel Jan Furseth som er seksjonssjef i Seksjon for bedriftsregister i SSB. Han legg til at den siste fjerdedelen, som ikkje får kartkoordinatar, får grunnkrinskode.

*- Kvifor er denne informasjonen så viktig?*

- Stadig fleire spør etter kor bedriftene er plasserte, og informasjonen kan knyttast både til statistikkformål og til forskjellige analysar som til dømes innanfor samfunnsplanlegging på regionalt nivå. Eksempel er transport- og arealplanlegging og forskjellige marknadsanalysar. Det gjev ei glimrande oversikt over den faktiske situasjonen når bedriftene blir plasserte i eit kartbilete.

*- Andre viktige sider ved arbeidet?*

- I samband med folke- og bustadteljinga i 2001, er plasseringa av bedriftene viktig for mellom anna å kunne beskrive og analysere pendlingsmønstre direkte ut frå informasjonen som ligg i forskjellige register. I tillegg har arbeidet ein positiv verknad for analysar



*Bedrifts- og føretaksregisteret er på det næraste heildekkjande og blir ein viktig ressurs både for statistikkarbeidet i SSB og for planarbeidet i samfunnet, seier Jan Furseth, seksjonssjef i Seksjon for bedriftsregister i Statistisk sentralbyrå.*

*(Foto: Torbjørn A. Tjernsberg)*

av senterstrukturar og handelsomland. Ved å nytte kunnskapen om kva næringsaktivitet bedriftene driv og kor nær kvarandre dei ligg, blir det enklare å avgrense sentra og omland. Samtidig seier det meir om handels- og marknadspotensialet, dersom ein reknar med både befolkningsgrunnlaget og pendlarstraumane.

Det er SSB som utfører arbeidet med plasseringa og som står for dei fleste kostnadene, men tre departement er òg med i finansieringa. Det er Næringsdepartementet, Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.

Bedrifts- og føretaksregisteret er i dag heildekkjande ved at det omfattar alle dei relevante einingane i norsk næringsliv og offentlig sektor. Dette har sjølvsagt mykje å seie for kvaliteten i dei forskjellige tematiske statistikkane i SSB, og for samanhengen slik han mellom anna kjem fram i nasjonalrekneskapen. Det er vidare god kvalitet på dei grunnleggjande informasjonane. Registeret har vakse frå rundt rekna 220 000 føretak da vi starta samspelet med Einingsregisteret i 1995, til om lag 425 000 føretak og 450 000 bedrifter i dag.

Prosjektet med plasseringa av bedrifter vil snart gå frå utvikling og etablering inn i ein driftsfase, og ikkje minst i ein brukarretta fase.

- Kva kan dette brukast til?

- Eksempel vil vere utlevering av tabellinformasjon og etter kvart informasjon knytte til kart. Det er i dag inngått ei rekkje avtaler med einingar innan offentlig og privat sektor om bruk av data. Dette er eit ledd i arbeidet for å få fleire til å bruke einingar, strukturar og informasjon frå Einingsregisteret om att.

- Betyr dette at mange bedrifter i framtida slepp "mas" om utfylling av skjema om seg og sitt?

- Dette er nettopp hovudgrunngevinga for det samspelet som i si tid vart etablert med Einingsregisteret og som skal sikre at data blir brukt om att. SSB nyttar registeret mykje i dag i staden for å spørje næringslivet.

Ei anna viktig side er arbeidet vi no gjer med å få e-postadresser inn i registeret, noko som vil bidra til ein auka bruk av elektronisk kommunikasjon i staden for bruk av blankettar og post.

### **Eigen inntektsstatistikk for personar**

I 2000 vart det for første gong publisert ein eigen inntektsstatistikk for personar og familiar. Statistikken er ei fullteljing og gjev detaljerte opplysningar om inntekter frå ulike inntektskjelder for alle personar som er busette i landet.

Ein viktig føresetnad for å kunne lage ein heildekkjande inntektsstatistikk for alle personar er at alle dei viktige opplysningane om inntekt kan finnast i register. Då skatteetaten tok til å nytte IT i likningshandsaminga, førte dette til at alle opplysningane frå sjølvmeldinga vart tilgjengelege i elektronisk form. Ein fekk no opplysningar om fleire typar inntekter som ein tidlegare berre kunne hente inn for eit utval personar. Dette gjaldt til dømes for ulike yrkesinntekter, pensjonar og kapitalinntekter. Men den nye inntektsstatistikken omfattar òg andre inntekter som ikkje er skattepliktige, men som likevel finst på register, som til dømes bustønad, sosialhjelp, studiestipend og kontantstøtte. Når ein sidan koplar saman desse ulike registra, får ein eit godt grunnlag for å studere inntektsfordeling og -nivå for ulike grupper.

Statistikken har i dag person og familie som eining, men vi kan enno ikkje gje tal for hushalda. Dette vil først bli mogleg når Bustadadresseprosjektet og Folke- og bustadteljinga 2001 er gjennomførte (sjå s. 24).

Den største fordel med inntektsstatistikken for personar og familiar er at han kan nyttast til å lage statistikk for mindre grupper av folket og for mindre geografiske område. Inntektsstatistikken publiserer mellom anna gjennomsnittstal for ulike familietypar på kommunenivå, og datagrunnlaget har òg vorte nytta til å kaste lys over til dømes inntektsforholda til innvandrarane.

I tillegg til å utgjere ein eigen statistikk for personar og familiar blir datagrunnlaget òg nytta til å skaffe opplysningar om inntekt til andre undersøkingar og databasar, til dømes levekårsundersøkingane og Folke- og bustadteljinga 2001.

### Jordbruksteljinga ut til folket

Dei første resultatata frå Jordbruksteljing 1999 vart publiserte i februar 2000. Bruken av administrative datakjelder saman med tradisjonell datainnsamling på skjema gjorde denne rekordtidlege publiseringa mogleg. Hovudutfordringa låg på mange måtar i å samkøyre administrative data og data samla inn på eigne skjema for å skape konsistens i data-materialet. Mange kommunar arbeidde i 2000 med eigne planar for jordbruket, og i denne samanhengen har resultatata av teljinga kome til stor nytte. Resultata har òg vore etterspurde i mange forskingsmiljø.

I første omgang var det sentrale opplysningar som talet på gardsbruk med jordbruksareal i drift, bruken av arealet og talet på husdyr som vart publiserte. 1999-tala vart presenterte kommunevis saman med tilsvarende tal for 1989 på websidene til Statistisk sentralbyrå. Det var mange besøk på nettsidene. Resultata fekk brei omtale i ei rekkje aviser og i radio og fjernsyn. Den sterke vinklinga mot kommunetal gjorde òg at lokalpressa over heile landet greip fatt i resultatata.


I perioden frå mars til mai 2000 vart det presentert resultat som bygde på opplysningar gjevne på hovudskjemaet i teljinga. Eit utval av kommunar vart trekt som grunnlag for resultatata, som vart presenterte på regionnivå. Denne publiseringa fekk òg brei omtale i media, og data vart nytta av Budsjettnemnda for jordbruket som grunnlag for arbeidet med totalkalkylen for jordbruket og som bakgrunnsmateriale til jordbruksforhandlingane.

I desember vart dei første endelege kommuneresultatata lagde ut på nettet. Tala blir lagde ut kommunevis for eitt og eitt fylke om gongen. Resultata spenner over eit vidt spekter av tema som gjeld jordbruksnæringa.

Resultata er gratis tilgjengelege for alle på <http://www.ssb.no/jt1999/>.

Resultata frå jordbruksteljinga dokumenterer at det har skjedd store strukturendringar i jordbruksnæringa i retning av færre og større bruk innanfor dei fleste produksjonar. Talet på bruk med areal i drift har gått tilbake frå 99 400 i 1989 til 70 700 i 1999, medan jordbruksarealet har auka med rundt 5 prosent. 31 prosent av alt areal i drift i 1999 var leigejord. Dette er ein auke på 8 prosent-einingar sidan 1989. Arbeidsinnsatsen i jord- og hagebruk i 1998-1999 var på til saman 79 400 årsverk.

### Talet på aktive driftseiningar med minst 5 dekar i drift. 1949-1999



### 1907 Jordbrukstelling

Den første med oppgaver over areal.



### 1923

Engrosprisindeksen vart utarbeidd for første gong.

### Enklare rapportering snart klar

No skal det bli enklare for politiet å overføre data om trafikkulykker til Statistisk sentralbyrå. Politiet har ei stund registrert ulykkene elektronisk og så sendt papirutskrifter til SSB, som så har registrert ulykkene på nytt.

I 2000 vart Politiets datateneste og Statistisk sentralbyrå einige om eit system for å overføre data direkte frå politiet til SSB, utan å gå om papirutskrifter. Denne ordninga kjem sannsynlegvis i gang våren 2001 og vil frigjere to årsverk i SSB. Dessutan vil ordninga føre til forenklingar også i Vegdirektoratet, som hittil har dataregistrert dei same opplysningane som SSB.

Samtidig som overføringa skal skje elektronisk, skal også data bli betre. SSB har vore med på å lage eit system for logiske kontrollar i Politiets registreringsbilete, som er i drift frå og med 2001.

### Utvalet i detaljomsetninga fordobla

*Talet på bedrifter som rapporterte om sal av detaljvarer, vart fordobla i år 2000. Likevel vart ikkje bransjen pålagt meir arbeid med rapporteringa. Tvert imot gjekk oppgåvebyrda ned.*

Dette kjem av at rapporteringa for over halvparten av bedriftene skjer direkte frå kjedekontora og ikkje frå kvar enkelt bedrift. Så sjølv om talet på bedrifter som høyrer inn under detaljomsetningsindeksen, har gått opp frå 5 000 til 9 000, har talet på skjema som blir utfylte kvar månad, gått ned frå 5 000 til 4 000.

Dekningsgraden til detaljomsetningsindeksen gjekk opp frå 30 til 62 prosent av omsetninga til detaljhandelsbedriftene i 2000. For næringsbutikkenhandel med breitt vareutval, som i stor grad består av daglegvareforretningar, er dekningsgraden på heile 82 prosent av omsetninga. Dette gjer at utvalsfeila er kraftig reduserte, både i den endelege og i den førebelse publiseringa.

Rutinen med rapportering direkte frå kjedekontora gjev samtidig betre kvalitet på næringskodane og raskare oppdatering av tilstand og nye bedrifter i Bedrifts- og føretaksregisteret.


### PORTwin i hamn


*Eit nytt administrativt datasystem, PORTwin, vart teke i bruk i dei fleste offentlege norske hamnene i byrjinga av 2000. Datasystemet gjer det mellom anna enklare å lage god hamnestatistikk.*

Med PORTwin kan hamnene administrere båtstoppar og godshandtering, og dei kan planleggje båtstoppar og fakturere hamneavgifter på varer og tenester. Frå PORTwin kan hamnene også ta ut statistikkrapportar. I PORTwin registrerer dei mellom anna ei rekkje skipstekniske opplysningar, kva for kaier skipa bruker i hamnene, og lastetypar og vareslag skipa fraktar.

PORTwin genererer data som blir sende elektronisk til Statistisk sentralbyrå. Samanlikna med ressursar som blir brukte på utfylling av skjema og dataregistrering frå desse, sparer PORTwin tid både for hamnene og for Statistisk sentralbyrå.

**Detaljomsetning**  
Volumindeks. Månedstal. Trend. 1995=100



**Delen føretak med tilgang til Internett. Prosent**

PORTwin gjev detaljert statistikk og relativt rask rapportering til Statistisk sentralbyrå. Med elektronisk statistikkrapportering kan arbeidet med data gå raskare og dessutan gje betre statistikkvalitet. PORTwin blir nytta av 80 prosent av dei offentlege norske hamnene og vart utvikla mellom anna på bakgrunn av eit maritimt EU-direktiv.

**Meir IKT-statistikk**

SSB har i 2000 medverka til ein rapport som tek opp verdien og samansetjinga av IKT-næringane (IKT: informasjons- og kommunikasjonsteknologi) i Norden. Rapporten viser at IKT-sektoren betyr vesentleg mindre for sysselsetjinga og verdiskapinga i Noreg enn i Sverige og Finland. Særleg gjeld dette for IKT-industrien, mens Noreg hevdar seg betre innan IKT-tenesteyting.

Norske føretak nyttar IKT mindre enn næringslivet i dei andre nordiske landa. Tilgang til Internett er mest vanleg i Finland, mens svenske føretak bruker heimesider oftare enn grannelanda. Dette må ein delvis sjå i samanheng med at Noreg har ein større del småbedrifter, som

nyttar IKT mindre enn dei store bedriftene. Omfanget av elektronisk handel er framleis lite i Norden. Dette er nokre av hovudresultata i ein rapport laga av Statistisk sentralbyrå i 2000 i samarbeid med dei statistiske sentralbyråa i Danmark, Finland og Sverige.

For Noreg byggjer desse resultata på nye undersøkingar som er etablerte i 2000. Dessutan vart det i fjor gjort ei kartlegging av utanrikshandel med IKT-varer.

IKT-statistikken er no samla på ei eiga web-side:

**<http://www.ssb.no/ikt/>**

**1894**

Den første Hollerith høl kortmaskinen vart levert. Gjennomsnittleg vart det behandla 700 kort i timen. Byrået hadde 21 punchmaskiner og tre teljemaskiner.

# Forskningsavdelinga

Forskningsdirektør: Ådne Cappelen

Avdelinga hadde ved slutten av 2000 78 tilsette (25 kvinner og 53 menn) og utførte 72 årsverk i 2000.

Rekneskapen for 2000 viser 22,9 millionar kroner i løyving over statsbudsjettet og 12,3 millionar kroner i oppdragsinntekter.

Fagdirektørens stab: 8,3 årsverk

## Seksjon for offentlig økonomi og personmodellar

Nils Martin Stølen  
17,5 årsverk/Oslo

## Seksjon for ressurs- og miljøøkonomi

Torstein Arne Bye  
16,8 årsverk/Oslo

## Seksjon for makroøkonomi

Knut Moum  
20,7 årsverk/Oslo

## Seksjon for mikroøkonometri

Jørgen Aasness  
8,7 årsverk/Oslo

Avdeling for personstatistikk

## Seksjon for demografi og levekårsforskning

Kari Skrede  
14,7 årsverk/Oslo

## Forskingseiningane arbeider mellom anna med

- Arbeidsmarknadsøkonometri
- Arbeidstilbod
- Bedriftsskattlegging
- Bedriftsøtferd og produktivitet
- Befolkningsframskrivingar
- Bustad- og levekårsanalysar
- Bustadkvalitet og marknadsverdi
- Bustadskatt
- Berekraftig forvaltning av nasjonalformuen
- Dei økonomiske levekåra for barn
- Det utvida inntektsomgrepet
- Drivhuseffekten
- Effekten av klimatiltak
- Effektive satsar for næringsstøtta
- Energieffektivitet
- Energietterspørselen frå hus halda
- Evaluering av kontantstøtta
- Familieetablering
- Fleksibel energibruk
- Flytting og døyingsutvikling
- Fornybare energikjelder/verknad
- av klimaavtale
- Framskrivning arbeidskraft
- Framskrivning av avfallsmengder
- Frivillig miljøinnsats: moralske og sosiale normer
- Fertilitetsanalysar
- Grøne konsumentar og produsentar
- Handel, vekst og miljø
- Heilskapelege levekårsanalysar
- Historisk statistikk for industri
- Haldning til innvandrarar og innvandringspolitikk
- Indirekte skattar
- Inflasjonsmål eller fastkurs politikk
- Innvandring og levekåra for innvandrarane
- Investeringsøtferd
- Kommunal fordelingsanalyse
- Kommunale effektivitetsanalysar
- Konjunkturrapportar
- Konsumentøtferd
- Kostnadseffektivitet ved endogen teknisk utvikling
- Krafthandel og transmisjonskapasitet
- Kronisk fattigdom
- Levekår
- Levekåra til landbruksbefolkninga
- Lønsstruktur og sysselsetjing
- Marknadsmakt i kraftmarknaden
- Miljøverknadene av norsk eksport av gasskraft
- Noreg utan olje
- Oljemarknaden i det 21. hundreåret



- Omsetjelege kvotar kontra avgifter i klimapolitikken
- Organisasjonsformer i offentlig tenesteyting
- Petroleumsmarknaden og utslepp av klimagassar
- Prisdanning
- Prisindeksar
- Putty-clay-modellar
- Regional arbeidsmarknads-mobilitet
- Regionale konjunkturover-sikter
- Regionale lønsforskjellar
- Retningsbestemte substitu-sjonelastisitetar
- Sambuarstatistikk og -analysar
- Samlivsutvikling
- Samanlikning av fertilitets-intensjonar og -åtfærd
- Skatteberekningar for Stortinget og Finans-departementet
- Skattar og stønader
- Sluttbehandling av avfall
- Sosial kapital og miljø
- Sosiale normer for svart arbeid
- Statistikkens historie
- Tidlegpensjonering
- Tidsbruk
- Trygdeanalysar
- Utdanning og vekst
- Utforming av internasjonale miljøavtaler
- Utsleppskonsekvensar av handelsliberalisering
- Velferd og fordeling
- Økonometrisk analyse av eksport og import

## Undervurdering av oljeprisen

I konjunkturanalysane frå SSB er det dei to føregåande åra presentert overslag for den makroøkonomiske utviklinga i 2000 åtte gonger. Første gongen var i Økonomiske analyser nr. 1/99 (februar 1999). Korleis har overslaga endra seg over tid, etter kvart som ny informasjon og nye føresetnader har vorte innarbeidde?

Ikkje overraskande har den klart største feilen vore ei kraftig undervurdering av oljeprisen og dermed driftsbalansen overfor ut-

landet. Da prognosane for 2000 vart laga mot slutten av januar 1999, var oljeprisane rekordlåge og driftsbalansen i 1998 negativ. Vi trudde på ein svak auke i oljeprisen og at driftsbalansen skulle betre seg frå -9 milliardar kroner i 1998 til "heile" 66 milliardar kroner i 2000. Den faktiske betringa av driftsbalansen vart vesentleg større enn i overslaga, fordi auken i oljeprisen vart formidabel.

Aktivitetsnivået i Fastlands-Noreg vart lenge noko undervurdert, og arbeidsløysa vart sett litt for høgt. For dei tidlege overslaga hadde dette i stor grad samanheng med undervurderinga av den økonomiske veksten i 1999. Han vart låg, men ikkje så låg som vi trudde. Av etterspørselskomponentane var det særleg overslaga på investeringane i Fastlands-Noreg som medverka til denne utviklinga. Hadde det ikkje vore for auken i kraftproduksjonen (og vêret er det som kjent ikkje lett å spå om eitt til to år på førehand), ville overslaget over auken i brutto nasjonalprodukt (BNP) for Fastlands-Noreg i 2000 ha vore heilt rett i februar 1999, i tillegg til i fleire av dei etterfølgjande konjunkturrapportane.

## Einestående i 50 år

Statistisk sentralbyrå er eit av svært få nasjonale statistikkbyrå som har ei eiga avdeling for forskning. I 2000 fylte forskingsavdelinga i SSB 50 år.

Tidlegare forskingsdirektør Olav Bjerkholt skreiv boka "Kunnskapens krav" til jubileet, ei bok som handlar om korleis forskingsavdelinga vart oppretta i 1950, korleis nasjonalrekneskapen vart utvikla, og korleis dei byrja å lage store makroøkonomiske modellar. Bjerkholt gjev Petter Jakob Bjerve og Odd Aukrust æra for at det i det heile vart ei forskingsavdeling i SSB:

- Utan dei ville nok forskningoppgåvene, rekrutteringa og ressurstildelinga ha vore annleis. Byrået ville alternativt ha fått ei svakare og meir omskifteleg leiging, og det ville truleg ha resultert i eit mykje mindre omfang på forskingsverksemda, hevdar Bjerkholt.



Frå boka «Kunnskapens krav» av Olav Bjerkholt

## Økonomiske analyser (ØA) 1/99-9/00

### Vekstrater i prosent der ikkje anna går fram

	ØA1/99	ØA5/99	ØA6/99	ØA9/99	ØA1/00	ØA5/00	ØA6/00	ØA9/00	Fasit
BNP Fastlands-Norge	1,3	1,1	1,0	1,3	1,3	1,7	2,0	1,8	1,8
AKU-ledighet (nivå)	3,9	3,9	3,5	3,5	3,6	3,6	3,3	3,4	3,4
Konsumprisindeksen	2,7	2,1	2,0	2,1	2,4	2,8	3,0	3,1	3,1
Pengemarkedsrente (nivå)	4,5	4,5	5,0	5,2	5,7	6,3	6,6	6,6	6,6
Driftsbalanse, mrd. kroner	66	47	82	98	130	158	169	189	195
Råoljepris, kroner per fat	101	107	125	151	169	207	231	255	252

### Kor moralske er vi?

Er menneske egoistar som alltid gjer det som løner seg økonomisk, eller let vi oss også styre av moralske og sosiale normer? I SSB har det i den seinare tida gått av stabelen eit forskingsprosjekt som er finansiert av Noregs forskingsråd om økonomisk modellering av sosiale og moralske normer. Prosjektet har dels fokusert på teoriutvikling, men vi har også studert normer i den norske befolkninga når det gjeld frivillig kjeldesortering, dugnadsinnsats og røykjeatferd.

Foto: Hanne Marit Svensrud



Karine Nyborg er ei av hovudpersonane bak prosjektet «Normer for miljøatferd».

*Moralsk motivasjon* handlar om at folk ønskjer å sjå på seg sjølve som moralsk ansvarlege personar. For å bevare eit godt sjølvbilete kan folk vere villige til å ta på seg kostnader utan nokon ytre gevinst; som til dømes ved å hjelpe til med tid eller pengar til ein naturvernorganisasjon, bere eige søppel heim over fjellet etter ein fottur, eller å stille opp på dugnad. Det vil likevel vere ei grense for kor langt ein er villig til å strekkje seg: Blir kostnadene for store, vil mange heller føretrekke å akseptere eit litt dårlegare sjølvbilete.

Dersom folk tenkjer slik, vil politikk i nokre tilfelle kunne gje andre verknader enn det som blir føreseia i tradisjonelle økonomiske modellar. Intervjudata frå prosjektet viser til dømes at dersom folk måtte betale ei avgift på 100 kroner dersom dei ikkje møtte på dugnad, svarer 15 prosent at dei ville møte *sjeldnare*, dersom dei 100 kronene var nok til å betale andre for å utføre jobben. Ei slik avgift kan bli oppfatta som eit tilbod om å «kjøpe seg fri» frå den moralske plikta til å møte opp, og dermed kan ho ha motsett verknad.

*Sosiale normer* er knytte til behovet for å bli akseptert av andre, og blir haldne oppe av trusselen om sosiale sanksjonar mot dei som ikkje innordner seg normen. Dette fører ofte til at vi «spring i flokk», noko som lett kan gi opphav til gode eller onde sirkular. Nyare data tyder på at det har skjedd ei dramatisk endring i dei sosiale normene for røykjeatferd i Noreg. For 10-15 år sidan var det svært vanleg å utsetje andre for passiv røyking i private heimar. No er dette unntaket snarare enn regelen, jamvel om private heimar ikkje er

omfatta av røykjelova. Dei som likevel utset andre for passiv røyking, ventar sterkare negative reaksjonar enn tidlegare.

Røykjelova kan ha sett i gang ein prosess som har endra dei sosiale normene, og dermed endra røykjeatferden *også der lova ikke gjeld*. Både ved sosiale og moralske normer kan dermed offentleg politikk verke på andre måtar enn vi kunne føreseie ut frå tradisjonelle økonomiske modellar.

### Gasskraft løner seg ikkje

- Dei som uttaler seg skråsikkert om miljøeffektane av å byggje gasskraftverk i Noreg, tek feil. Berekningane våre viser at det verken vil ha store positive eller negative effektar på miljøet. Men det som er sikkert, er at det ikkje vil vere økonomisk lønsamt på fleire år.

Det seier Torstein Bye, forskningssjef i Statistisk sentralbyrå. Saman med fleire andre i SSB har han kartlagt om bygging av gasskraftverk i Noreg vil gje større eller mindre globale utslepp av klimagassar. Oppdraget var bestilt av Olje- og energidepartementet. Regjeringa Stoltenberg hadde kome til makta våren 2000, nettopp ved å gå inn for å byggje gasskraftverk. Forskarane i SSB konkluderte i analysane sine med at utsleppa ville gå ned på kort sikt. Den dominerande effekten på kort sikt ville vere at norske kraftverk kom til å erstatte meir forureinande kolkraftverk på kontinentet. Men etter kvart ville auka tilbod av kraft, lågare prisar og auka etterspurnad vere den dominerande effekten. Dermed ville det framleis vere ein marknad for kolkraftverka, og da ville utsleppa av CO<sup>2</sup> bli høgare enn utan norske gasskraftverk.

- Svaret er altså ikkje opplagt. Dersom vi byggjer gasskraftverk, kan det slå begge vegar - både mot meir og mot mindre utslepp. Men kor som er, vil det ikkje vere lønsamt å byggje desse kraftverka på lenge. Kostnadene med gasskrafta vil bli på rundt 20 øre per kilowattime, mens berekningane viser at straumprisen truleg vil halde seg på 15 øre i årsgjennomsnitt nokre år framover. Det vil altså vere eit tapsprosjekt no. Dermed kan ein seie at gasskraftverk i Noreg på kort sikt ikkje handlar om økonomiske berekningar, men om politikk, seier Bye.

## Verdsøkonomien i ein modell

I oktober 2000 arrangerte SSB ein såkalla LINK-konferanse i Oslo. Konferansen er ein del av LINK-prosjektet, som er eit internasjonalt samarbeid mellom makroøkonomiske forskings- og analyseiningar i mange land organisert av FN. I prosjektet er nasjonale økonomiske modellar integrerte til ein omfattande verdsmodell som blir nytta til prognosar for verdsøkonomien og til analysar av globale økonomiske problemstillingar.

På møtet deltok i alt 170 representantar frå forskjellige forskings- og utgreiingsinstitutt og frå sentrale internasjonale organisasjonar. Konferansen drog òg til seg kjende personar, mellom anna tidlegare Nobelpris-vinnar Lawrence Klein. Programmet og innleiingane er tilgjengelege på LINKs heimesider; [www.chass.utoronto.ca/link](http://www.chass.utoronto.ca/link).


## Fokus på fertilitet

I 2000 begynte resultatane å kome etter at forskarane i Statistisk sentralbyrå i eit par år hadde arbeidd med å få ei oversikt over utviklinga i fertiliteten i Noreg det siste tiåret. Fertiliteten i Noreg vart også kartlagd i 1977 og 1988. Den gongen vart eit utval av befolkninga intervjuet. I dag bruker vi informasjon frå register, noko som gjev eit sikrere resultat enn tidlegare, og det gjeld spesielt mindre grupper i befolkninga. Tilgangen på informasjon frå registra er større i dag, og moderne datateknologi gjer det vesentleg enklare, raskare og billigare enn før å analysere store datamengder. Det er dessutan både billigare og mindre tidkrevjande å bruke data frå register enn å gjennomføre store intervjuundersøkingar.

Forskarane analyserer både kva geografiske forskjellar det er i fertiliteten, om det er forskjell etter kor lang utdanning ein har, og kva forskjellar det er mellom ulike grupper i samfunnet. I 2000 vart det mellom anna lagt fram ein rapport om fertiliteten til innvandrarkvinnene.

Forskinga om fertilitet har trekt til seg fleire eksterne oppdragsgjevarar, og ho vil halde fram i fleire år framover. Forskarane vil til dømes sjå nærare på fødselsdata for menn og mellom anna undersøkje om det er nokon forskjellar mellom menn med høg og låg inntekt når det gjeld kor mange barn dei får.

Samla fertilitetstal for utvalde land, ca.1998



Noreg er eit av dei landa i Europa som har høgast fertilitet, og det er internasjonal interesse for korleis dette heng saman. Dette forskingsprosjektet kan truleg gje nokre av svara.

## “Slakter Jens’ skattegrep”

var overskrifta i Dagsavisen 8. desember 2000. Andre avisar skreiv: “Økt barnetrygd bedre enn lav matmoms”, “Knuser momsmyter” og “SSB, rikdom og utjevning”. Overskriftene var knytte til ein forskingsrapport frå SSB av forskningssjef Jørgen Aasness og forskarane Andreas Benedictow og Mohamed F. Hussein. Samstundes var det innspurt i behandlinga av statsbudsjettet for 2001 der nettopp fordelingsverknaden av redusert matmoms stod på dagsordenen.

Forskringsrapporten som vart presentert i Økonomiske analyser 9/2001, konkluderer slik: Vi får denne rangeringa av skatteendringane etter kor mykje velferd dei gjev per krone i auke i samla konsum, og som tek utgangspunkt i eit velferdsmål som kombinerer auka levestandard og jamnare fordeling:

1. auka barnetrygd for tredje eller fleire barn
2. auka forsørgjarfrådrag i skatten
3. auka barnetrygd for første barnet
4. auka foreldrefrådrag i inntekta
5. redusert meirverdiavgift på mat
6. redusert elektrisitetsavgift
7. redusert meirverdiavgift på alle gode som det er meirverdiavgift på i dag
8. redusert avgift på tobakk, brennevin og vin
9. redusert bensinavgift
10. redusert inntektsskatt
11. redusert formuesskatt
12. redusert toppskatt.

*Tverrgående aktiviteter går føre seg i heile SSB. Administrasjonsavdelinga og seksjonane for IT, metode/standardar, informasjon/publisering og internasjonal statistisk rådgjeving og staben hos administrerande direktør har alle tverrgående oppgåver.*

Rekneskapen for 2000 for desse einingane viser samanlagt 131,8 millionar kroner i løyving over statsbudsjettet og 39,9 millionar kroner i oppdragsinntekter. Til saman hadde einingane 193 tilsette ved slutten av 2000.

Dei tre statistikkavdelingane og Forskningsavdelinga utfører også tverrfaglege aktiviteter. Det største brukarfinansierte oppdraget i 1999, Kostra (sjå side 40), står til dømes under leiing av Avdeling for økonomisk statistikk.

#### **Administrasjonsavdelinga**

Administrasjonsdirektør: Cecilie Wilberg  
Stab: 5 årsverk

Avdelinga har 74 tilsette (47 kvinner og 27 menn) og utførte til saman 67 årsverk i 2000.

#### **Seksjon for budsjett og rekneskap**

Pål Mathisen  
9,3 årsverk/Oslo

#### **Seksjon for personaladministrasjon**

Heidi Torstensen  
8,9 årsverk/Oslo

#### **Kontor for fellestenester, Oslo**

Geten Engelstad  
23,6 årsverk/Oslo

#### **Kontor for fellestenester, Kongsvinger**

Karin Wang  
20,3 årsverk/Kongsvinger

#### **Tverrgående seksjonar**

##### **Seksjon for IT**

Rune Gløersen  
45 årsverk/Oslo og Kongsvinger, 46 tilsette (10 kvinner og 36 menn)

##### **Seksjon for statistiske metoder og standardar**

Leiv Solheim  
14,9 årsverk/Oslo, 16 tilsette (7 kvinner og 9 menn)

##### **Seksjon for informasjon og publisering**

Anne Skranefjell  
42,8 årsverk/Oslo og Kongsvinger, 46 tilsette (36 kvinner og 10 menn)

##### **Seksjon for internasjonal statistisk rådgjeving**

Bjørn K. Wold  
4,8 årsverk/Oslo – 5 tilsette

I tillegg kjem korttidskonsulentar (ca. fem årsverk), som er fordelte på alle dei andre seksjonane og finansierte med oppdragsmidlar.

##### **Staben til administrerande direktør**

6 årsverk/Oslo og Kongsvinger, 6 tilsette

## Datafangst og elektronisk datautveksling

Det er eit mål at alle data skal sendast til SSB på elektronisk form, anten frå administrative register eller frå oppgavegjevarar. Såleis vil informasjonen bli registrert berre éin gong og éin stad, noko som sparer tid og ressursar. For personintervjuing er eit slikt system etablert gjennom CAI-opplegget (computerassistert intervjuing) og aktivitetane i KOSTRA-prosjektet er retta mot elektronisk datautveksling innan offentleg sektor. I 2000 starta dessutan arbeidet med å utforme produkta og infrastrukturen for brei innrapportering frå næringslivet gjennom IDUN-prosjektet (informasjons- og datautveksling med næringslivet). Det er planlagt at dette prosjektet skal gjennomførast i perioden 2000-2003, og det skal gjere elektronisk kommunikasjon med næringslivet lettare. Kommunikasjonen skal gå begge vegar. Det primære målet er å redusere oppgavebyrda for næringslivet og gjere slik kommunikasjon meir brukarvennleg. IDUN-prosjektet vart formelt etablert i februar 2000.

### SLN-prosjektet

SLN (system for likning av næringsdrivande) vart etablert av Skattedirektoratet allereie i 1997. SSB, Brønnøysundregistra og Skattedirektoratet samarbeider om mottakssystemet, og ein er no i gang med pilot-3 i samarbeidet. Løysingane til no har ikkje vore gode nok og det vart i 2000 arbeidd for å finne fram til ei enkel løysing som kan nyttast til reell innrapportering i 2001.

### Andre samarbeidsområde med Skattedirektoratet og Brønnøysundregistra

Gjennom Samordningsforum, som består av direktørane i SSB, Skattedirektoratet og Brønnøysundregistra, er det etablert eit samarbeid på to andre felt i tillegg til SLN-samarbeidet. Det eine er eit utviklingsarbeid innan elektroniske skjema, mens det andre er eit samarbeid om å utarbeide rammeverk for ei web-løysing. For SSB er desse tre samarbeidsområda delar av det interne IDUN-prosjektet.

### SSBs web-løysing

1. september vart det sett i gang arbeid med ei web-løysing for to undersøkingar, der personar eller bedrifter kan fylle ut spørjeskjema på Internett. Dersom pilotprosjekta blir vellykka, er ambisjonen at det innan utgangen av 2001 skal finnast web-tilbod til eit titals skjemarutinar i SSB.

### Uttrekk frå fagsystem


Vesentlege reduksjonar i oppgavebyrda kan ein berre oppnå ved ei "direkte" overføring av data frå fagsystema hos oppgavegjevarane til systema i SSB. Det blir arbeid på to hovudområde: rekneskapsdata, der arbeidet spring ut frå SLN-samarbeidet, og administrative data, der ein tek sikte på eit prosjekt knytt til lønsdata.

### Bruk av "spesialløysingar"

Mykje av utviklinga av elektronisk overføring har hittil retta seg mot å lage løysingar for enkelte større oppgavegjevarar, eller for grupper av oppgavegjevarar, til dømes butikkjeder. Løysingane ein kjem fram til, vil etter kvart trekkje på dei generelle basisopplegga som prosjektet utarbeider, samtidig som "skreddarsaumen" ofte gjev uttrykk for ønske og løysingar som viser seg å vere allmenne.

### Seksjon for datafangst

Ein stadig større del av datafangsten i SSB blir konsentrert til ei felles mottakseining: Seksjon for datafangst. For mange statistikkområde gjeld dette heile datafangsten, frå skjemaproduksjon til overlevering av ferdig datafil. Datafangsten inkluderer også informasjon og rettleiing til oppgavegjevarane.



Denne punchmaskinen vart brukt ved folketeljinga 1900.

### KOSTRA – det meste er på plass

KOSTRA er eit system for informasjonsutveksling mellom kommune og stat. Kommunane registrerer data om ressursbruk, målgrupper og tenester/brukarar etter ein felles struktur. Deretter publiserer SSB nøkkeltal for prioriteringar, dekningsgradar og produktivitet/einingskostnader. I KOSTRA kjem innrapporteringa frå kommunane elektronisk, og kommunale nøkkeltal blir publiserte på Internett.

Ved rapporteringa våren 2000 var dei fleste elementa i den elektroniske rapporteringskjeda på plass. 107 kommunar og fem fylke rapporterte sine data elektronisk, og nøkkeltala for 1999 vart publiserte på Internett ein månad etter innrapporteringa. Ved publiseringa vart første versjonen av eit nytt produksjonssystem og nytt opplegg for presentasjon av nøkkeltala på Internett nytta. Erfaringane med dei nye systema er gode, og systema er vidareutvikla til publiseringa våren 2001.

### Nøkkeltal om KOSTRA-prosjektet

<b>2000:</b>	217 kommunar er med Sju fylkeskommunar er med Budsjett: 12,1 millionar kroner (marknadsoppdrag), 3,6 millionar kroner (SSB-finansiert) Årsverk i SSB på KOSTRA: 21 Prosjektleiari: Anne-Britt Svinnet Styringsgruppeleiari: Olav Ljones
<b>Planane for 2001:</b>	Alle kommunane og fylkeskommunane i landet er med Budsjett: 13 millionar kroner (marknadsoppdrag), 3,4 millionar kroner (SSB-finansiert) Årsverk i SSB på KOSTRA: 18 Rapporteringsfrist for 2000-kommunane: 15. februar Tilbakerapportering frå SSB: 15. mars Publisering av statistikk som dekkjer 2000-kommunane: 15. juni

Knappt halvparten av kommunane og fylka i landet rapporterer etter KOSTRAS opplegg for 2000. For denne rapporteringa er det etablert tryggingssløysingar som gjer det mogleg å rapportere sensitiv informasjon over line for første gong.

KOSTRA skal vere i fullskaladrift frå og med rekneskaps- og rapporteringsåret 2001, og innrapportering etter KOSTRAS opplegg er obligatorisk frå våren 2002.

### Standardar som gjer livet lettare

*Standardar er vel ikkje akkurat eit tema som set hjarte i brann, men avvik frå standardane har nok i mange tilfelle i det minste sett sinna i kok, fordi det har gjort livet problematisk. Problema kan gjelde alt frå IKEA-skruar som akkurat IKKJE passar, til tal som ikkje kan samanliknast frå år til år eller frå fagområde til fagområde, fordi statistikkane er publiserte med forskjellig gruppering av kjennemerke.*

Vi omgjev oss med standardar på mange område i livet, og det vil for dei fleste vere vanskeleg å tenkje seg ein kvardag utan standardiserte mål, for eksempel for avstandar, tid eller utforming av trafikkskilt. Faktisk så langt tilbake som til sumerarane for om lag 5 000 år sidan vart det definert standardar, særleg i samband med byggjeverksemd. Ein standard skal definierast så presist som mogleg, og eit eksempel på dette kan vere den engelske definisjonen av yard. Kor fast han var over tid, kan nok likevel diskutierast, all den tid han vart definert som avstanden frå nasetippen til kong Henrik 1. til spissen på den venstre tommelen hans.

SSB er i ferd med å utvikle ein database der alle dei om lag 120 statistiske standardane i SSB skal lagrast. Formålet med databasen er at dei gjeldande utgåvene av kvar standard skal finnast her, slik at alle som bruker standarden, skal hente han herifrå. Planen er at standarddatabasen skal leggjast ut på SSBs webteneste.

I 2000 nemnde SSB opp ei arbeidsgruppe for å vurdere bruken av landkodar innanfor utanrikshandel, befolkningsstatistikk og annan statistikk. Av standardarbeid som elles var i gang, kan vi nemne eit prosjekt for å standardisere spørjesekvensen som blir brukt for å identifisere hushald i utvalsundersøkingar. Det går føre seg mykje viktig standardarbeid i internasjonale fora. Felles internasjonale standardar er ein føresetnad for å kunne samanlikne statistikk over landegrensene. Ein sparer også mykje ressursar på å ha internasjonale standardar i staden for at vart land lager sine egne. Dei internasjonale standardane blir forvalta av viktige organ i det internasjonale statistikkamarbeidet, t.d. FN, Eurostat og OECD. Standard for norsk utdanningsgruppering er ein av mange norske standardar som er baserte på den tilsvarende internasjonale utdanningsstandard.

Alle statistikkane til SSB på Internett skal ha ei beskriving av statistikken knytt til seg; *Om statistikken*. Beskrivinga er bygd opp på den same måten for kvar statistikk. Om lag 60 prosent av dei 250 statistikkane vi publiserer, hadde *Om statistikken* på plass ved utgangen av 2000. *Om statistikken* skal liggje føre både på norsk og engelsk. Ved utgangen av 2000 var ca. 30 prosent av dei engelske tekstene klare.

Alle dei viktigaste standardane i SSB blir utgjevne på bokmål, nynorsk og engelsk. Dei mest brukte standardane er

- Standard for utdanningsgruppering
- Standard for næringsgruppering
- Standard for yrkesklassifisering
- Klassifikasjon av sjukdomar, skadar og dødsårsaker
- Ulike standardar knytte til nasjonalrekneskapskapen
- Ulike regionale standardar (t.d. kommunar og økonomiske regionar)
- Standard for kjennemerke knytte til familie- og hushaldsstatistikken



### ISI

I 1885 vart det internasjonale statistiske instituttet (ISI) oppretta. Direktør Petter Jakob Bjerve var president for instituttet 1971-1975.

## Med framtida på saklista

*Institusjonen SSB treng litt ekstra sideflesk å gå på, ein reservekapasitet for å møte morgondagens krav, seier administrasjonsdirektør Cecilie Wilberg.*

Det er ikkje alle som går rett frå universitetet til ei direktørstilling i SSB. Men det gjorde Cecilie Wilberg våren 2000. Rett nok var ho ikkje student fram til da, ho hadde arbeid i 17 år i ei rekkje administrative stillingar ved Universitetet i Oslo, mellom anna som budsjettseier og leiar for økonomistyringsprosjektet på universitetet.

I SSB hadde stillinga som administrasjonsdirektør stått tom i mange månader. Mange reknar jobben som ein uriaspost, og etter at Wilberg begynte i SSB, har utfordringane nærmast kasta seg over ho. Riksrevisjonen har kritisert rekneskapa (sjå også side 11), og det har vore avisoppslag om at dei tilsette gjorde opprør mot dårleg personalpolitikk. Wilberg meiner sjølv at kritikken frå Riksrevisjonen var den mest krevjande utfordringa.

– Det er ikkje lett å møte ein merknad frå Riksrevisjonen. Vi vart kritiserte for at vi ikkje førte rekneskapa vår etter reglane. Så i haust har vi lagt ned eit stort arbeid for å få økonomistyringa til å fungere raskare, meir gagnleg og i tråd med regelverket. Det har kravd mange ressursar, og vi måtte leige inn dyr hjelp utanfrå, seier ho.

– Eitt av problema har vore at dei administrative datasystema som vi er pålagde å bruke, ikkje er tilpassa alle krava frå staten til mellom anna økonomiforvaltning. I tillegg har det teke tid å finne ut korleis vi kan etterleve dei nye reglane som vi må følgje, samtidig som vi bør bruke stadig mindre ressursar på administrasjon og samtidig som heile staten skal forenkla. I administrasjonsavdelinga er det mange flinke folk som gjerne vil gjere ein god jobb. Dei fleste oppgåvene blir godt og gagnleg utførte, men det skjer stadige endringar, og det er fort gjort å kome i bakleksa.

For å unngå å kome i bakleksa meiner ho det er nødvendig å spare ressursar som i dag blir brukte på administrative rutinar. No skal rutinane strauformast.

– Vi må frigjere oss frå gamle måtar å tenkje på, og mange rutinar må leggjast om for at ting skal bli gjorde på same måte, same kor i systemet du er. Elektroniske verkøy kan også gje oss meir effektive rutinar. Dermed blir arbeidet forenkla, og vi sparer ressursar som vi i staden kan bruke til å tenkje framover. Det gjeld

alle områda innan administrasjonsfeltet. Institusjonen SSB er som ein kvinnekropp. Vi må ha litt ekstra sideflesk å gå på, ein reservekapasitet for å møte morgondagens krav. Dersom vi lagar ein organisasjon som berre er tilpassa krava vi har i dag, har vi ikkje nok kapasitet til å sjå krava som kjem i morgon. Da blir vi berre styrte av utviklinga, uten at vi sjølve kan vere med på å styre den.

Nokon må ha tid til å lyfte blikket, seier Wilberg.

Sitt eige blikk har ho lyfta i alle fall fem år framover, og der ser ho eit nokså annleis SSB:

– Om fem år har vi høgst sannsynleg ei anna eigarform enn i dag. Andre statsverksemdar, som til dømes NSB, NRK, Posten, Forskningsrådet, universiteta og statsjukehusa har funne ulike eigarformer, og eg ser ikkje bort frå at vi til dømes kan bli eit forvaltningsselskap, noko som fører med seg eit mykje større sjølvstyre enn vi har no. Samtidig vil vi få større krav om å vise kva vi gjer med pengane, kva Noreg får igjen for millionane som blir brukte på å drive Statistisk sentralbyrå, seier Wilberg. Som meiner ho har mesteparten av hovudet over vatnet etter eit halvt år som SSBs administrasjonsdirektør. Og som aktar å halde fram med det: – Ting skjer heile tida, utviklinga går raskare og raskare, og vi har ikkje noko anna val enn å hengje på.

Foto: Torunn Nilsen



*Administrasjonsdirektøren  
Namn: Cecilie Wilberg  
Alder: 47 år  
Begynte 1. juni 2000  
Fagfelt: Administrasjon*

*– Om fem år har vi høgst sannsynleg ei anna eigarform enn i dag.*

## “Vi må lytte til tala si tale”

*Petter Jakob Bjerve har nærast skrivne seg inn i noregshistoria med statistikk. Han var administrerende direktør for Statistisk sentralbyrå i 30 år, gjekk av i 1980, men hadde kontor plass i byrået enno i 20 år. Mannen skaffa SSB ei forskingsavdeling, og nasjonalrekneskap av høgaste kvalitet hadde Noreg neppe hatt utan Petter Jakob Bjerve, men eigentleg kunne han vorte møllar.*

Bjerve er kort og godt ei legende i historia om norsk sosialøkonomi og i historia til Statistisk sentralbyrå. Slik blir han skildra same kven vi spør. Han forma SSB til det det har vorte i dag. Han fekk Statistisk sentralbyrå til å utvikle seg fra eit nokså lite og ustrukturert statistisk byrå til ein sterk og tonegeevande samfunnsinstitusjon.

Trønderen Petter Jakob Bjerve var dessutan finansminister frå 1960 til 1963 for Arbeidarpartiet, og han har hatt eit omfattande og breitt internasjonalt virke. Mannen har sett tydelege fotefar etter seg, men er ikkje høg-røysta av den grunn. Tvert imot.

### Frå nei til ja

Kort tid etter skipinga av ny regjering i november 1945 vart sosialøkonomen Petter Jakob Bjerve kalla på av nytt nemnd finansminister Erik Brofoss. Brofoss føreslo at Bjerve skulle bli byråsjef i Finansdepartementet med hovudansvar for nasjonalbudsjettet. Bjerve vart i departementet til sommaren 1947 og hadde da hatt ansvaret for dei to første budsjetta. Kort tid etter reiste han til USA for vidare studium. Eit år seinare kalla Brofoss igjen på Bjerve, denne gongen for at han skulle overta direktørstillinga i Statistisk sentralbyrå.

Da Bjerve fekk tilbodet om direktørstillinga, sette han alle kort inn på at det skulle opp-

rettast ei forskingsavdeling, og ville ikkje ta-ke ja til stillinga før han fikk gjennomslag for dette. Bjerve køyrde eit hardt og strategisk løp mot Brofoss og takka nei til stillinga heile tre gonger før han fekk viljen sin og kunne setje seg i direktørstolen med kommentaren:

- Dersom eg skulle ta på meg jobben som sjef for Byrået, måtte det vere for å byggje ut Byrået som ein analyse- og forskingsinstitusjon...”

### Analysar må til

Med opprettinga av Forskingsavdelinga i 1950 ekspanderte forskingsarbeidet sterkt når det gjaldt oppgåver, ansvar og personale. Utanom universiteta er avdelinga i dag den største økonomiske forskingsinstitusjonen i landet. Statistisk sentralbyrå er eit av få statistikkbyrå i verda som har ei eiga omfattande forskingsverksemd.

- *Kvifor var du så oppteken av at det skulle etablerast ei forskingsavdeling i byrået?*

- Tala seier lite åleine. Det må analysar til for å få dei til å tale, seie noko fornuftig om samfunnet omkring oss. Og tala skal aldri styre oss. Dei skal vere eit hjelpemiddel for politikarar og andre som skal ta avgjerder. Difor var eg stivnakka nok til å forlange at det skulle opprettast ei forskingsavdeling i byrået før eg tok på meg oppgåva som administrerende direktør. Brofoss likte det ikkje, men det gjorde Einar Gerhardsen og resten av regjeringa den gongen... Skal det vere litt meir te? Seier Petter Jakob Bjerve og lenar



*Petter J. Bjerve fotografert saman med sonen Steinar om bord på Stavangerfjord. Biletet er teke i mai 1949 på veg heim for å overta direktørstillinga. (Privat foto).*





*Utan eit bevisst forhold til fortida blir vegen inn i framtida til tider unødige vinglete, seier Bjerve. (Foto: Torbjørn A. Tjernsberg)*

seg framover i godstolen heime i Gladvoll terrasse i Oslo.

### **Nummer 13**

Petter Jakob vart født 1913 i Stjørdal som den 13. ungen i ein barneflokk på 13. Bjerve-namnet stammar opphavleg frå Hobøl, men i 1860 var farfar til Petter Jakob på songarstemne i Trondheim og dessutan på jakt etter eit passende gardsbruk. Det fann han i Nord-Trøndelag, på Gråbrek. Eigeodomen hadde to fossar, som farfaren meinte lova bra. Garden med fossane vart kjøpt, og det vart bygd møller for korn, bein- og fiskemjøl. Sonen tok over, og han sette i sin tur ungguten Petter J. i sving.

- Eg arbeidde omtrent eitt år i mølla, fortel Bjerve og minnest lydar og lukter frå industriverksemda heime på bruket, men det var ikkje møllar han var esla til. Først tok unge Bjerve artium ved Orkdal lands gymnas i 1934. Her møtte han for første gong Odd

Aukrust, også kjend som “bror min” i bøkene til humoristen Kjell.

- Den gongen var vi ueinige om det meste, Odd og eg. Debattane oss imellom kunne bli ganske friske. Seinare fann vi tonen betre, og Aukrust var i fleire tiår ein framifrå og særdeles dyktig forskingsdirektør i SSB.

### **Over havet**

Etter artium og påbegynte økonomistudium drog Bjerve til eit års studieopphald ved American University i Washington DC i 1938-39.

- Før krigen var det ikkje så vanleg å reise til USA for å studere. Korleis hamna du der?

- Tja, eg snubla over ein annonse i avisa Nidaros, der det vart lyst ut eit stipend for ein som ville reise ut for å studere. Dermed kunne eg pakke snippsekken og dra av garde.

Vel heime i Noreg igjen vart Bjerve forskingsassistent ved Sosialøkonomisk institutt, der

han var knytt til strukturoversikta. Han arbeidde nært saman med Ragnar Frisch for å stille opp ein nasjonalrekneskap. I 1941 vart han cand.oecon., heldt fram som assistent på instituttet og tok sikte på ein akademisk karriere.

Alt frå hausten 1941 underviste han og gav grunnkurs året etter. Seinare, i 1942, gifta han seg med daverande sosialøkonomi-student Rannveig Ørbech Bremer. Hausten 1943 underviste Bjerve igjen i grunnkurs inntil universitetet vart stengt.

- Men kva fann du på da Universitetet i Oslo stengde?

- Arbeid måtte eg jo ha. Så eg stakk ned til direktør Gunnar Jahn i SSB for å høyre om han kunne finne nokon oppgåver til meg. Og det fann han.

### Byrået

Bjerve begynte som sekretær i Statistisk sentralbyrå i 1944. Han arbeidde under byråsjef Antoni Skøien med nasjonalinntektsberekningane som Jahn hadde sett i gang under krigen. Arbeidet resulterte i publikasjonen "Nasjonalinntekten i Norge 1935 til 1943". Berekingane vart utførte av fleire unge Frisch-elevar. Bjerve arbeidde med teoridelane og førte dette stoffet i pennen. - Tankegangen vår var ganske klar. Poenget var først å stille opp dei politiske måla og dernest freiste å finne dei beste midla for å nå dei. Og måla for den økonomiske politikken var klinkande klare: full sysselsetjing og best mogleg utnytting av produksjonsmidla i landet, seier Bjerve ganske enkelt.

- Økonomisk og statistisk kunnskap er særdeles viktig i denne samanhengen, meiner du?

- Økonomisk og statistisk kunnskap, utvikling av makro- og mikroøkonomiske verktøy må vi ha for å kunne styre eit moderne samfunn. Og verktøyet må vi stadig utvikle dersom vi skal kunne byggje og halde ved like eit samfunn som er best for menneska. Difor må arbeidet og forskinga omkring slike spørsmål halde fram i SSB og elles.

### Det siste notatet

Den tidlegare direktøren i Statistisk sentralbyrå hevdar at han nettopp har avslutta det siste notatet sitt. Han har etter eiga utsegn lagt pennen ned og det er ryddig på heimekontoret hans.

- Kva handlar den siste teksta di om?

- Det er ganske enkelt ei samla oversikt over titlane på alt eg har skrive gjennom åra og publisert på forskjellig vis, seier han, forsvinn inn på kontoret ein augneblink og vender tilbake med eit stifta hefte med tittelen "Arkiv for framstillingar av Petter Jakob Bjerve". Tjukkkleiken på notatet vitnar om eit imponerende arbeid gjennom eit langt liv. Oversikta åleine fyller 32 heile sider. Dei er fylte til randa av oversikt over tekst, teori og tanke-gods som har medverka til å forme både økonomisk og statistisk forskning, men også prega Noreg og styringa av landet.

- Du har ikkje akkurat lege på latsida gjennom åra, Bjerve?

- Det har aldri mangla spennande problemstillingar å arbeide med i Byrået, svarer han.

### Fortid og framtid

- Kva bruker du tida til no?

- Når eg ikkje spelar bridge med kona, barna og barnebarna, les eg historie.

Som med det meste anna er Bjerve systematisk her òg. Han har kjapt pløgd gjennom 23 bind verdshistorie. Nett no les Bjerve bind 11 i historia om Noreg.

- Kvifor denne brennande interessa for historia, du som sjølv har skapt historie?

- Utan grundig kjennskap til fortida er det vanskeleg å forme dagen i dag. Og utan fortid blir gjerne kursen mot framtida temmeleg vinglete. Difor bør vi lære av kunnskapen, tala, orda og skape ny lærdom for å forme eit godt samfunn å leve i. Vi må lytte for å lære, seier Petter Jacob Bjerve.



Under krigen arbeidde Bjerve og Aukrust dessutan med boka "Hva krigen kostet Norge". Undertittelen var nærast som ein parole. "Utviklingen under krigen, problemene i dag, politikken i framtida". Omslaget viser ein klar og tydeleg pengeøkosirk og signaliserer at lesaren også vil få svar på spørsmåla.

## SSB er med i PARIS21

*SSB har sidan november 1999 vore med på å sikre systematisk statistikk for utviklingslanda, i det såkalla PARIS21. Målet er å gjere det mogleg å sjå om FN's utviklingsmål blir nådde innan 2015.*

SSB deltok i november 1999 på det første møtet som var arrangert i Paris av Utviklingskomiteen i OECD (DAC), FN's utviklingsprogram og Verdsbanken. Her vart det drøfta korleis den statistiske kapasiteten i dei enkelte utviklingslanda kan byggjast opp. Målet er å følgje med på om utviklingsmåla frå FN's toppmøte i 1990-åra faktisk blir nådde innan 2015. Initiativet er kalla Partnership in Statistics in the 21th century (PARIS21) og omfattar sju område: fattigdom, utdanning, likestilling mellom kjønna, barsedødstal, morddødstal, helse og miljø. Deltakarane har vorte einige om å overvake utviklinga ved hjelp av i alt 21 indikatorar. Initiativet byggjer på to erkjenningar: Landa må sjølve byggje opp kapasiteten til ei systematisk innsamling av data, og kontakten mellom produsentar og brukarar av statistikk må bli betre og sikrere.

På tampen av år 2000 heldt PARIS21 to store regionale konferansar, ein for Aust-Afrika og Afrikas horn i Uganda og ein for det sørlege Afrika i Zambia. SSB deltok aktivt på den siste konferansen og kjem i 2001 til å vere med i eit fagleg samarbeid i fleire land i Afrika og kan hende Midtausten med sikte på å leggje opp nasjonale system for fattigdomsstatistikk.

## Over 1 million tal for Noreg i Eurostat-database

Ein analyse av innhaldet i den viktigaste databasen for formidling i Eurostat, New Cronos, viser at det ved utgangen av år 2000 er over 1 million tal med statistikk over Noreg i databasen. Til samanlikning har EU-medlemen Sverige 1,2 millionar tal. Noreg er på fleire område fullt på høgda med EU-landa når det gjeld omfang og dekning av mellom anna befolkningsstatistikk, skogbruk, energi og FoU. Statistisk sentralbyrå har ei avtale om formidling av data frå Eurostat og New Cronos til norske brukarar.

Grunnlaget for harmonisering av tala og leveransane til Eurostat er i aukande grad

gjewe gjennom forpliktande rettsakter. Statistisk sentralbyrå og Noreg må no rette seg etter vel 70 rettsakter på statistikkområdet som er tekne inn i EØS-avtala. Berre i år 2000 vart 18 reviderte og nye rettsakter inkluderte i statistikksamrbeidet. To viktige rettsakter knytte til arbeidskraftsundersøkingane og korttidsstatistikk vart, etter ein lengre prosess, tekne inn i EØS-avtala.

Spesielt på området korttidsstatistikk, som omfattar månads- og kvartalsstatistikk på ei rekkje område som industri, bygg og anlegg, varehandel og andre tenester, er det eit aukande krav til alle land om betre aktualitet og meir relevant innhald knytt til nye behov innanfor det europeiske samarbeidet.

Utviklinga av harmonisert internasjonal statistikk krev omfattande faglege drøftingar og utviklingsarbeid. I år 2000 var det i alt 137 møte i regi av Eurostat med aktiv norsk deltaking. Møta spenner frå formelle komitear til uformelle ekspertgrupper. Med basis i EØS-avtala, og spesielt Protokoll 30 som omhandlar statistikksamrbeidet, har Noreg høve til full medverknad i desse gruppene, bortsett frå dei få gongene det er meir formell avstemming.

## SSB er fasiten

Blant hyggelege meldingar i 2000 var dei nye berekningane av den norske kysten frå Statens kartverk. Fastlandskysten viste seg å vere 19 prosent lengre enn tidlegare påreknar - no er han over 25 000 kilometer lang. Men det mest gledelege for SSB var korleis kartverket omtalte berekningane i sitt eige tidskrift *A la kart*: "De nye tallene stemmer godt med det Statistisk sentralbyrå og Direktoratet for naturforvaltning tidligere har beregnet. Avviket i forhold til SSBs beregninger er kun 0,1 prosent for hele kystlinja. Dette viser at metoden som nå er brukt, er til å stole på".

## Døgnoppe på fem språk

No tilbyr SSBs Internetsider statistikk på fem språk - heile døgnet. I 2000 er den engelske delen av nettet kraftig utbygd, og no kjem så godt som all ny statistikk både på norsk og engelsk. I tillegg er det laga mindre omfattande nettsider på tysk, fransk og spansk, der ein finn dei mest sentrale opplysningane om Noreg og ein kort presentasjon av Statistisk sentralbyrå.

### Folk har tiltru til SSB

Offisiell statistikk er i stor grad eit spørsmål om tiltru. Tiltrua til statistikken er avhengig av at SSB blir oppfatta som ein upartisk og fagleg uavhengig institusjon som behandlar opplysningar konfidensielt og produserer påliteleg statistikk.

Tala fra MMIs "Tiltrubarometer" våren 2000 viser at 69 prosent av befolkninga har stor tiltru til Statistisk sentralbyrå. SSB har dermed større tiltru enn både Forsvaret, utdanningssystemet og domstolane. Berre politiet slår SSB i talet på dei som har "svært stor tiltru".

15 prosent seier at dei har svært stor tiltru til SSB, 54 prosent har ganske stor tiltru, 12 prosent har lita tiltru, 4 prosent har inga tiltru, og 16 prosent veit ikkje.

#### MMIs spørsmål:

*«Jeg skal nå lese opp navnet på noen av de institusjoner som finnes i vårt samfunn. Vil du for hvert av navnene jeg leser opp, angi om du har svært stor tiltro, ganske stor tiltro, liten tiltro eller ingen tiltro i det hele tatt?»*

Berre politiet har ein større del enn SSB av "svært stor tiltru" (17 prosent). Og dersom vi utelèt "veit ikkje"-gruppa, er det faktisk SSB som har den største "svært stor tiltru"-delen av dei institusjonane som var med i undersøkinga.

Ser vi samla på svara "svært stor" og "ganske stor" tiltru, kjem Forbrukarombodet på topp, med politiet og SSB på andre- og tredjeplass. Deretter følgjer NRK, bankane, norske aviser og forsvaret.

### wap.ssb.no

Frå mai 2000 har Statistisk sentralbyrå også publisert statistikk til wap-mobiltelefonar. Denne tenesta blir oppdatert dagleg klokka 10.00 med ny statistikk og informasjon. Via wap kan også prisveksten bereknast, og ein kan sjekke namnestatistikken. Det er også arkivert tidlegare publiseringar av sentrale statistikkar som til dømes konsumprisindeksen, konjunkturtendensane, utanrikshandelen, folkemengda og arbeidsløysa.

Wap-teknologien er utvikla for at mobilbrukarar kan ha Internett tilgjengeleg. Tenesta liknar på vanleg Internett, men brukarane skriv i staden denne adressa: **<http://wap.ssb.no/>**. Tenesta hadde 75 000 treff i 2000.